



Årsmelding 2022



Innhold

1 RÅDMANNEN SI OPPSUMMERING	3
2 POLITISK ORGANISERING	5
STATISTIKK OVER POLITISKE VEDTAK OG SAKER.....	6
3 ADMINISTRATIV ORGANISASJON OG LEIING	7
ORGANISERING	7
REKNESKAP	10
4 MÅL OG RESULTAT FOR SELJORD KOMMUNE	12
ØKONOMISKE MÅLTAL.....	13
NYKKELTAL.....	16
5 INTERKOMMUNALT SAMARBEID	22
6 OPPVEKST	24
ORGANISERING	24
NYKKELTAL.....	24
MÅLOPPNÅING, UTVIKLING OG UTFORDRINGAR.....	27
TENESTETILBOD OG STATUS I EININGANE	30
REKNESKAP	36
7 HELSE OG OMSORG.....	37
ORGANISERING	37
NYKKELTAL.....	38
MÅLOPPNÅING, UTVIKLING OG UTFORDRINGAR.....	39
TENESTETILBOD OG STATUS I EININGANE	43
REKNESKAP	51
8 SAMFUNNSUTVIKLING OG DRIFT	53
ORGANISERING	53
MÅLOPPNÅING, UTVIKLING OG UTFORDRINGAR.....	53
TENESTETILBOD OG STATUS	54
REKNESKAP	63

1 Rådmannen si oppsummering

Årsmeldinga er eit av dei viktigaste styringsdokumenta i kommunen. I meldinga rapporterer rådmannen på drifta i året som har gått, og peker samtidig på framtidige utfordringar og veival som må takast. Den samla rapporteringa består av årsmelding og rekneskap.

2022 har vore prega av krig i Europa og post-pandemi, av usikkerhet og uforutsigbarhet. Vi har lært at vi på ingen måte veit kva framtida vil bringe. Forhold starta langt unna oss får store konsekvensar for drifta vår. Auka sjukefråvær, skyhøge straumprisar, auka rente, generell prisstigning og stor flyktningstraum er berre nokon av konsekvensane. Det er krevjande både for kommune og innbyggjarar. Samtidig har det vore ei stor auke i kommunen sine inntekter, noko som gir oss større handlingsrom framover enn normalt.

For Seljord kommune har det også skjedd mykje positivt i året som har gått. Industriområdet på Nordbygdi veks raskt og er i ferd med å bli svært viktig for næringslivet vårt. Det er tydeleg at mange aktørar ser på Seljord som ein attraktiv stad å byggje og bu med vår gode plassering som knutepunkt midt i Telemark. Det skal vi utvikle vidare! Vidare har vi fått vedteke ein Helse og omsorgsplan som gir retning mange år fram i tid, og vi er i gang med å lage ei liknande plan for oppvekstområdet. Vi har pussa opp og samla ulike aktørar i «Nye» Heddeli, og vi er i full gang med å renovere og bygge på Flatdal skule. Vi har fått eit fylkessenter til bygda vår med mange arbeidsplassar, og vi har satt i gang arbeid med leiaropplæring og medarbeidarundersøking. For å nemne noko.

Seljord mottok 54 flyktningar i 2022. Det er mykje for ei lita kommune, og har utfordra heile organisasjonen vår. Mange tilsette har strukke seg langt for å gje våre nye innbyggjarar eit godt liv her hos oss. Både tilsette og innbyggjarar har vist ei fantastisk evne til å halde ut og omstille seg dei siste åra. Vi er heldige som har så mange tilsette som gjer ein framifrå jobb i ein krevjande arbeidssituasjon med stor arbeidsbelastning!

Rådmannen må også i år understreke at Seljord står midt oppi ei stor endring av demografien, med betydeleg fleire eldre og færre unge. Det gjer at både behovet for tilsette, kompetanse og utgifter endrast, ei endring Seljord kommune fortsatt ikkje har tatt nok inn over seg når det gjeld prioriteringar framover i økonomiplanperioden. Vi må gjennomgåande utfordre det velkjente og utforske det ukjente. Vi må arbeide på nye vis, vere fleksible og utviklingsorienterte. I framtida vil omstilling vere hovudregelen, ikkje unntaket.

Det økonomiske resultatet for 2022 er meget godt. Kommunen hadde eit mindreforbruk («overskot») på kroner 11 935 000, som vert sett av til disposisjonsfondet. Fondet blir då på kroner 28 890 000 ved utgangen av 2022. Netto driftsresultat vart kroner 12 291 000, som er 3,26 % av sum driftsinntekter på kroner 376 697 000.

Større meirinntekter, eller større mindreutgifter samanlikna med justert budsjett er desse:

- Skatt og inntektsutjamning: kr 5 545 000
- Integreringstilskot: kr 4 836 000
- Mindrekostnad straum: kr 3 206 000

- Konesjonskraftinntekter: kr 2 656 000
- Mindrekostnad lønsvekst: kr 1 027 000
- Mindreforbruk på tenesteområde 3 Helse og omsorg: kr 5 617 000

Når det gjeld tenesteområda er årsresultata fylgjande:

- Sentraladministrasjon og fellestenester - mindreforbruk på kr 4 217 000
- Skule og oppvekst - meirforbruk på kr 340 000
- Helse og omsorg - mindreforbruk på kr 5 617 000
- Samfunnsutvikling og drift - meirforbruk på kr 3 223 000

Mindreforbruket på *Sentraladministrasjon og fellestenester* er primært knytt opp til mindretgifter på *Tilleggsøyvingar* (straum og lønsvekst) og meirinntekter på *Sal av konsesjonskraft*.

Trass i et svært positivt resultat i 2022, er det viktig å understreke at den underliggjande drifta av kommunen totalt sett er for høg, og rådmannen vil på det sterkaste åtvare mot å bruke dei ekstraordinære inntektene i drifta. Særleg innafor oppvekst må drifta justerast i forhold til endringar i barne- og elevtal, og vi må gjere grep som står seg over tid slik at ein også her få meir stabilitet og kontinuitet i dei økonomiske rammene framover.

Ei av dei største utfordringane vi vil møte framover er knytt til rekruttering. Taper vi kampen om dei gode folka, klarer vi ikkje å levere dei tenestane vi skal. Vi må difor jobba aktivt med å rekruttere og behalde, skape gode utviklingsmoglegheitane og eit godt arbeidsmiljø for alle våre tilsette. Vidare vil arbeid med kraft, klima og natur bli stadig viktigare. Vi må finne berekraftige løysingar innafor alle områder, og tenke nytt og annleis når det gjeld både utvikling og drift. Eit siste stikkord er digitalisering og digital transformasjon. Vi må endre korleis vi utfører oppgåvene våre slik at vi jobbar meir effektivt samtidig som vi kan tilby betre tenester.

Til tross for utfordringar, ligg mykje til rette for vidare vekst og utvikling i Seljordsamfunnet. Det vil framover skje store investeringar i næringslivet, både innan handel og nye næringer. Seljord kommune må investere i infrastruktur og vidare tilrettelegging for næringsvekst for at dette skal skje. Utfordringa for den kommunale drifta blir å skape eit økonomisk handlingsrom som muliggjer nødvendige investeringar dei komande åra.

Samfunnsutviklinga krev at kommunen leverer økt omfang og stadig betre kvalitet på tenestene. Med kompetente og dyktige medarbeidarar, leiarar og politikarar kan kommuneorganisasjonen i samspill med lokalmiljøet, regionen, nabokommunar, næringsliv, frivilligheit og brukarar utvikle seg til å møte dei økte behova på ein god måte i åra som kjem. Eg vil takke de folkevalde, medarbeidarar og alle kommunen sine samarbeidspartnarar for den gode innsatsen i 2022!

Rikke Raknes
Rådmann

2 Politisk organisering

Kommunestyret

Ordfører Beate Marie Dahl Eide (Sp)

Varaordfører Sonde Aasan (Sp)

SP: Marita Byggstøyl Dyrland, Terje Haugland, Eilev Eiesland Bjørge, Maria Groven,

MDG: Peter Fjågesund, Gunhild Flatland til 06.10.2022, Tone Reiten frå 06.10.2022

H: Per Dehli, Margit Elise Karlsen, Edvard Mæland

FrP: Mogens Iversen, Carina Thorvaldsen

AP: Halfdan Haugan, Eivind Skogheim, Ingvild Haugerud Øverland

Uavhengig: Håkon Høgetveit

Formannskap/økonomiutval

Ordfører Beate Marie Dahl Eide (Sp)

Varaordfører Sondre Aasan (Sp)

SP: Marita Byggstøyl Dyrland

MDG: Peter Fjågesund

H: Margit Elise Karlsen

FrP: Carina Thorvaldsen

AP: Halfdan Haugan

Samfunnsutval

Terje Haugland (Sp) – leiar

Tone Reiten (MDG) – nestleiar

SP: Sondre Aasan, Marita Byggstøyl Dyrland)

H: Edvard Mæland

AP: Eivind Skogheim (Ap)

FrP: Mogens Hougaard Iversen

Ungdomsråd fram til sommarferien

Abdi-Rahin Ise Mohamed - leiar

Olav Brennemo Eriksen, Celina Lauvstad, Martin Eilefstjønn Berntzen, Tyril Kleivi, Lucas

Sjerve Evensen, Carina Thorvaldsen (politisk valt)

Ungdomsråd etter sommarferien

Celina Lauvstad – leiar

Abdi-Rahin Lognvik Vartdal, Ambros Rønjom-Rue, Anne Haugland, Maida Abdi Mohamed,

Tyril Kleiva, Lucas Sjerve Evensen, Natnael Tesfay, Sondre Dahl Kasland

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rita Andersen - leiar

Gunvor Susanne Hegni - nestleiar
Jon Funner, Henry Mæland (Sp), Elisabeth Haugen (Ap)

Råd for eldre

Odd Vidar Rui - Leiar
Ruth Tordsson - Nestleiar
Margunn Gimmestad, Henry Mæland (Sp), Elisabeth Haugen (Ap)

Kontrollutval

Jon Svartdal (H) – leiar
Hallgeir Ofte (Ap), Maria Groven (Sp), Bjørn Arve Nordbø (Sp), Jeanette Cecilie Steinhaug (FrP)

Statistikk over politiske vedtak og saker


Utval	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kommunestyret	110	110	111	84	109	149	113	103
Formannskap/økonomiutval	98	113	109	86	90	107	113	156
Plan, miljø og teknisk utval	53	71	48	53	49	-	-	-
Administrasjonsutval	6	7	21	32	31	27	21	14
Eldrerådet	9	9	9	7	8	12	11	12
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	11	8	10	6	9	11	11	9
Kontrollutvalet		30	27	26	33	30	29	31
Samfunnsutvalet					10	45	83	74
Velferdsutvalet					4	24	42	-

Tal på politiske møte i 2022	
Kommunestyre	10
Formannskap	11
Administrasjonsutval	3
Råd for eldre	5
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	4
Kontrollutvalet	4
Ungdomsrådet	4
Samfunnsutvalet	8

3 Administrativ organisasjon og leiing

Organisering

På øvste administrative nivå i Seljord kommunen ser organiseringa slik ut:



Seljord kommune hadde i 2022 398 faste tilsette fordelt på ca. 290 årsverk. I tillegg kjem vikarar og andre timeløna. I snitt per månad står rundt 475 personar på lønningslista, inkludert introduksjonsstønad og godtgjering til politikarar. I 2022 vart det levert 781 samanstillingar (løns- og trekkoppgåver).

Det siste året har kommunen gjennomgått utskifting på toppleiarnivå. To nye kommunalassjefar starta i løpet av 2022, og enda ein kjem i 2023.

For å stimulere til kompetanseutvikling, auke kvaliteten i tenestene og å vere ein attraktiv arbeidsgjevar, ynskjer Seljord kommune å tilretteleggje for at tilsette kan ta etter- og/eller vidareutdanningar. Det vart i 2022 utarbeidd ny retningsline for permisjon og stønad til vidareutdanning, samt eiga avtale om økonomisk stønad for bachelor sjukepleie eller vernepleie.

Kommunen hadde fire lærlingplassar i året som gjekk.

Det er eit mål å rekruttere til så store stillingar som råd. Den gjennomsnittlege stillingsstorleiken for tilsette i 2022 er 72,97 %. For sjukepleiarar er den 84,47 % og for lærarar 92,65 % (med vaksenopplæringa: 88,50 %) same år. Dette er noko høgare enn 2021. Då var den gjennomsnittlege stillingsstorleiken 66,83 %, 84,99 % for sjukepleiarar og 88,18 % for lærarar.


Seljord kommune har avtale med *Avonova* frå og med 2022 om å levere lovpålagde bedriftshelsetenester. *Avonova* tilbyr ulik assistanse i tråd med interkontrollforskrifta. Det kan dreie seg om helse- og arbeidsmiljøundersøkingar, helsesamtalar og målretta

helsekontroll, ergonomisk kartlegging eller kurs, yrkeshygieniske målingar av til dømes inneklimate, støy og lys. Dei vaksinerer tilsette i utsett arbeid, deltek på møte i Arbeidsmiljøutvalet og dialogmøte i samband med sjukemelde arbeidstakarar når kompetansen deira er naudsynt. Vidare bidrar dei ved konflikthandtering og som føredragshaldarar dersom det er ønske om fordjuping i særskilde tema. Avonova har bistått kommunen i ulike saker og sitt som fast medlem i AMU. I 2022 har Seljord Kommune fått bistand frå Avonova innanfor sjukefråværsarbeid, systematisk HMS-arbeid, helsesertifisering og psykososialt- og organisatorisk arbeidsmiljø. Kvart år blir det lagt ein plan for samarbeidet, som vert revidert på slutten av året, med planlegging for arbeid komande år.

I 2022 har det vore gjennomført 4 møter i arbeidsmiljøutvalet (AMU), som handsama 32 saker.

Det har gjennom året vore jobba med å få på plass leiaropplæring og medarbeidarundersøking. Begge deler startar opp tidleg i 2023. Vidare er det gjennomført ei evaluering av omorganiseringssprosessen i 2018; rapporten frå det arbeidet er klar fyrst på nyåret.

Gjennom mange år har Seljord kommune hatt fokus på nærvær. Kommunen er oppteken av at dei tilsette skal bruke eigenmelding framfor legemelding. Trass i koronapandemien og lågare grense for å vere heime, har fråværet vore lågt og utviklinga igjennom året god. Det nasjonale måltalet for legemeldt fråvær er på 5,6 %. Gjennomsnittet for legemeldt fråvær i Seljord kommune i 2022 er på 4,10 % mot 5,03 % i 2021 Dette tyder på høg arbeidsmoral blant dei tilsette og at dei strekker seg for jobben og kvarandre. Dette er kommunen svært stolt over. Gjennomsnittet for det eigenmeldte fråværet er på 2,67 % mot 1,83 % i 2021. Det samla fråværet var på 6,77 % i 2022. Tabellen under viser korleis fråværet er fordelt på tenesteområda.



Kommunesektoren har gjennom framforhandla avtaler og lovverk gode ordningar for seniorar og tilsette i alle livsfasar. Kommunen forsøker så langt som råd å leggje til rette for tilsette i ulike livsfasar. Vidare legg kommunen til rette for at tilsette kan søke om gradert AFP og jobbe redusert i ein periode før dei går heilt av med pensjon.

Likestillings- og diskrimineringsarbeid

Kommunal sektor er kvinnedominert over heile landet. Seljord kommune har nokre få prosentpoeng høgare kvinneandel enn gjennomsnittleg i norske kommunar. Blant sjukepleiarane har Seljord 100 % kvinnelege tilsette. Kommunen følgjer gjeldande lover, føresegner og tariffavtalar som kan bety noko for likestilling mellom kjønna, og ynskjer å stimulere til ei god kjønnsfordeling mellom dei tilsette. I annonsemalen ligg det fast inne at ein oppmodar begge kjønn til å søke. I tilfella der vi ser at eitt kjønn er underrepresentert, og at det vil vere hensiktsmessig å ha inn fleire av det andre kjønn, oppmodar vi spesielt til at desse skal søke på utlyst stilling.

Kvinner utgjorde i 2022 om lag 83 % av kommunen sine tilsette. Det er ei auke frå 2021 som var på 78,55 %, og syner dermed ei nedgang i tal på menn i organisasjonen.

Seljord kommune har ein stor del kvinner i leiarstillingar. På toppleiarnivå, i rådmannen si leiargruppe, var fordelinga mellom kjønna i 2022 tre kvinner og ein mann (halve året). Blant einingsleiarane er det utelukkande kvinner.

Det kommunale lønssystemet etter Hovudtariffavtala (HTA) baserer vurderingane på den tilsette sin kompetanse og ansiennitet, og sikrar på denne måten lik løn for likt arbeid. Likevel ser vi nokon skeivheiter mellom arbeidsgrupper med likt utdannings- og ansvarsnivå, og har bruka fleire lokale lønsoppgjer til å jamne ut desse noko.

I Seljord kommune fins det mange tilsette ulik etnisk bakgrunn. Desse er tilsett innanfor forskjellige einingar og med ulike arbeidsoppgåver. Mellom anna finn vi helsefagarbeidarar, reinhaldarar, miljøarbeidarar, vernepleiarar, badevakt, assistentar i helse, barnehage, skule og ansvarleg for distribusjon av hjelpemiddel med anna enn norsk nasjonalitet.

Dei siste åra har Seljord kommune fått fleire nye flyktningfamiliar, og ein ser at det er svært nyttig å spele på innbyggjarar som har liknande erfaringar og som har budd her ei stund. Desse kjenner til dei nye innbyggjarane sin kultur, språk og religion, og kan bidra med sine erfaringar og kunnskap. Det er meningsfylt å kunne nytte slike ressurspersonar i arbeidet med integrering, og ein ser at mangfaldet har ein stor verdi i seg sjølv. I dette mangfaldet ligg potensialet for god integrering, læring på tvers og høvet til at nye verdier kan bli skapt.

Etikk

I Seljord kommune vil vi at dei tilsette skal oppleve å bli møtt med respekt og toleranse i alle samanhengar. Vi ynskjer tilsvarande at dei tilsette skal opptre respektfullt overfor kvarandre.

Kommunen sine etiske retningslinjer vart reviderte i 2021 og vedtekne i kommunestyret. Desse omfattar etter dette også politisk nivå. Retningslinene forpliktar den einskilde tilsette å vere medviten om at dei i arbeidet sitt er representantar for kommunen, at ein er lojal mot

dei lover, føresegner, reglement og vedtak som gjeld til ei kvar tid. Kvar einskild tilsett pliktar å gjere sitt for å skape eit godt psykososialt arbeidsmiljø på arbeidsplassen. I kommunens etiske retningslinjer finn ein konkret oversikt over kva for åtferd som er akseptert og ikkje.

I *Personalpolitiske retningslinjer* er det eit kapittel som omhandlar reglar mot sosial dumping, som særleg er relevant i samband med innhenting av anbod i mellom anna byggesaker.

Kvar einskilde leiar har ansvar for å gjere dei reviderte retningslinjene kjend for sine tilsette.

Kontroll og tilsyn - internkontroll

Kontrollutvalet er valt av kommunestyret og førar tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet skriv eigen årsmelding.

Internkontroll er systematiske tiltak som skal sikre at verksemda planlegg, organiserer, utfører og vedlikeheld aktiviteten sin i samsvar med gjeldande krav i regelverk. Seljord kommune har fleire system for internkontroll i dei einskilde einingane. Desse systema er etablerte for å tilfredsstillere særlovgiving som gjeld for tenesteproduksjon på desse områda. Det øvste nivå for internkontroll er årsmelding og rekneskap som skal sikre rapportering på resultat i høve til budsjett- og økonomiplan.

I 2020 vart det inngått avtale med Compilo som leverandør av eit digitalt internkontrollsystem. Dette gjer oss rusta til å fylgje opp avvik, ha oversikt over interne rutinar, avtaler og prosedyrar. Arbeidet med opplæring og tilpassing av systemet til vår organisasjon pågjer for fullt også i 2022 og vil halde fram vidare.

Kommunen er underlagt statlege tilsyn og har i 2022 hatt følgende tilsyn:

- Statsforvaltar – felles nasjonalt tilsyn med kommunane sin internkontroll Seljord barne- og ungdomsskule
- Statsforvaltar – beredskapsarbeid
- Mattilsynet – Flatdal vassverk

Rekneskap

Ansvar	Rekneskap	Justert budsjett	Avvik kr	Avvik %
Sentraladministrasjon og fellestenester	27 815 659	26 279 219	-1 536 440	-5,9 %
NAV kommune	7 477 648	6 658 179	-819 469	-12,3 %
Kyrkjelege føremål	4 282 677	4 241 977	-40 700	-1,0 %
Premieavvik, amortisering og premiefond	-11 623 095	-12 095 897	-472 801	-3,9 %
Tilleggslovingar	22 698	4 453 859	4 431 161	99,5 %
Sal av konsesjonskraft	-23 489 695	-20 834 000	2 655 695	12,8 %
Fellestenester	4 485 892	8 703 337	4 217 444	48,5 %

Skattar og rammetilskot m.m	-243 514 339	-233 366 072	10 148 267	4,35 %
Renter, avdrag og bruk av netto driftsresultat	10 264 181	10 442 306	178 125	1,71 %
Skatt, rammetilskot	-233 250 158	-222 923 766	10 326 392	4,6 %

Meirforbruket på *Sentraladministrasjon og fellestenester* skuldast bl.a. at det er budsjettert med sjukepengar («å tene på sjukepengar») på kr 829 500 (kr 750 000 + arbeidsgjevaravgift). Denne budsjettposten er ført på dette budsjettområdet, for deretter å skulle bli fordelt ut på budsjettområda der «vinsten» måtte oppstå. Denne fordelinga har ikkje skjedd, og det som måtte ha blitt som «vinst» har budsjettområda/einingane fått behalde sjølve. I tillegg har det vore monalege meirkostnader på IT.

Når det gjeld *NAV kommune* er det utgiftene til kvalifiseringsprogrammet (KVP) som har auka mest.

4 Mål og resultat for Seljord kommune

Kommunens overordna visjon er "Det gode vertskap". I det ligg det å vere vertskap både for eigne innbyggjarar, turistar og tilsette. Eit godt vertskap byr på seg sjølv, visar seg fram, legg til rette for gode opplevingar og tek vare på alle dei ein er vertskap for. Vårt mål er at alle skal føle seg velkomne i Seljord, og få god hjelp og støtte når dei treng det.

Visjonen er ein del av samfunnsdelen i kommunedelplanen, som vidare beskriv mål og tiltak. Hovudtema er som følgjer:

- 1 Seljord i vekst
- 2 Det gode livsløp i Seljord
- 3 Berekraftige Seljord

Det blir rapportert meir på dei ulike strategiane under det tenesteområdet dei i hovudsak høyrer til.

Rådmannen ynskjer å bruke meir konkrete måltal, slik at vi lettare kan måle om vi har lykkast eller ikkje i arbeidet vårt. I budsjett-drøftingsnotatet som ble ferdig våren 2022, foreslo rådmannen blant anna at ein valde ut nokre mål om berekraft og nokre strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel som ein jobba spesifikt med det komande året. Vidare at Seljord samanliknar seg fast med fylgjande tre samanliknbare kommunar i regionen; Vinje, Tokke og Nome, samt den KOSTRA-gruppa kommunen tilhøyrar og landet utan Oslo. Det er også gjennomført her i årsmeldinga.

Av FN sine mål om berekraft, har rådmannen valt å prioritere følgjande 4:



- Seljord kommune skal sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder
- Seljord kommune skal sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle
- Seljord kommune skal vere eit inkluderande, trygt, robust og berekraftig lokalsamfunn
- Seljord kommune skal stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunn

Med utgangspunkt i dei utvalde berekraftsmåla vart fylgjande mål frå samfunnsdelen tatt med inn i økonomiplanperioden:

God helse - Det gode livsløp i Seljord

- Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester
- Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen

God utdanning - Det gode livsløp i Seljord

- Seljord skal tilby gode barnehagar og skular

Bærekraftige byer og lokalsamfunn - Bærekraftige Seljord

- Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområder
- Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år

Økonomiske måltal

Kommunestyret har vedtatt fylgjande måltal:

- Netto driftsresultat 1,75 %
- Disposisjonsfond 5 %
- Renter og avdrag 3 %
- Lånefinansiering av investeringar 50 – 60 %

Det har vore tilrådd at netto driftsresultat som eit gjennomsnitt over tid bør vere 1,75 %.

For 2013 - 2022 ser tala slik ut:



Måltal	Minimum 1,75 %	Minimum 5 %	Maksimum 3 %	Maksimum 55 %
År	Netto driftsresultat	Disposisjonsfond	Netto finansutgifter	Netto lånegjeld
2013	0,5 %	0,8 %	3,6 %	70,5 %
2014	2,5 %	2,3 %	2,9 %	66,7 %
2015	2,2 %	3,6 %	3,2 %	72,3 %
2016	1,6 %	5,5 %	3,3 %	74,2 %
2017	÷ 1,7 %	5,1 %	2,9 %	75,8 %
2018	÷ 0,1 %	3,3 %	2,4 %	74,2 %
2019	1,3 %	3,9 %	2,6 %	72,2 %
2020	1,7 %	4,5 %	3,5 %	69,1 %
2021	1,2 %	5,4 %	3,1 %	68,2 %
2022	3,3 %	7,7 %	3,3 %	68,5 %
Snitt 2013-2022	1,8 %	4,2 %	3,1 %	71,2 %



Dei grøne markeringane er der måttalet er nådd.

Tabellane under viser måltalla for Seljord samanlikna med dei andre når det gjeld netto driftsresultat, disposisjonsfond, lånegjeld og frie inntekter.

Samanlikningstala for 2022 med andre kommunar er innrapporterte tal til SSB/Kostra

22. februar 2023. Disse er litt avvikende frå tala i avlagt rekneskap 2022.






Kjelde: [KOSTRA og nøkkeltal 2022 \(framsikt.net\)](https://framsikt.net)

Nykkeltal

KOSTRA

Seljord har valt å samanlikne seg med tre samanliknbare kommunar i regionen (Vinje, Tokke og Nome), den KOSTRA-gruppa kommunen tilhøyrar, samt landet utan Oslo. Desse vil også gå igjen i komande budsjett-drøftingsnotat og budsjett- og økonomiplan.


Grafen under viser netto utgift per innbyggjar og tenesteområde. Prosent viser tenesteområdet sin del av netto driftsutgifter. Beløp viser netto driftsutgift per innbyggjar. Beløpa er justert med privatskuledel og vertskommune tilskot PU. Seljord kommune ligg omtrent på nivå med KOSTRA gruppa samla sett, og over landet utan Oslo. Det er elles stor variasjon i området vårt.



Kjelder: [KOSTRA og nøkkeltal 2022 \(framsikt.net\)](#)


Ressursbruk er forholdet mellom kommunen sine egne utgifter på tenesteområdet og landsgjennomsnittet korrigert for kommunen sitt eige utgiftsbehov. Er ressursbruken høgare enn 100 %, brukar kommunen meir pengar enn landsgjennomsnittet korrigert for kommunes sitt utgiftsbehov. Som grafen under visar, brukar Seljord kommune meir enn landsgjennomsnittet på alle områder utan pleie og omsorg (90 %), barnevern (83,4 %) og

kommunehelse (81,5 %). At kommunen brukar så vidt mykje meir enn gjennomsnittet på barnehage og skule, heng ikkje saman med den demografien kommunen har.



Kjelde: [KOSTRA og nøkkeltal 2022 \(framsikt.net\)](#)

Grafen under viser tenesteområda som brukar meir/mindre enn samanlikningskommunar justert for utgiftsbehov, privatskuledel og vertskommunetilskot PU. Meirforbruk synast over streken.



Kjelde: [KOSTRA og nøkkeltal 2022 \(framsikt.net\)](#)

Kommunebarometeret

Seljord kommune hamna i 2022 på plass 212 i kommunebarometeret, av 356 kommunar totalt. Dette er vi langt frå nøgde med. Vi hadde som mål å klatre oppover på barometeret, men denne gongen gikk vi ned 16 plasser frå 2021 då vi var nummer 182.

På grunn av kommunesamanslåingar er det ikkje heilt enkelt å samanlikne seg med tidlegare år, men plasseringane vert likevel tekne med. I 2021 kom vi på plass 181, i 2020 kom vi på plass 218, i 2019 plass 99 og i 2018 plass 201.


Barometeret er laga slik at ulike område utgjer ulik del av den totale vekta, og det er fleire nykkeltal som avgjer kva for plass ein hamnar på. Grunnskule og pleie og omsorg utgjer begge 20 %. Barnevern, barnehage og økonomi utgjer 10 % kvar, medan helse og sosialteneste utgjer 7,5 % kvar. Kultur, miljø, sakshandsaming og vatn, avløp og renovasjon utgjer 2,5 % kvar. Kostnadsnivå utgjer 5 % av den totale vekta.

Seljord kommune ligg på ein 232. plass på pleie og omsorg. På grunnskule ligg vi på plass 213. Får vi lyfta desse to store områda, vil vi raskt kunne få betre plassering. Det bør og nemnast at vi ligg på ein god 50. plass når det gjeld kultur – det kan vi vere stolte av .

Til samanlikning ligg nabokommunane våre på slike plasseringar i 2022: Vinje 246. plass, Tokke på 238. plass, Kviteseid har ein 170. plass, Nissedal 252, Fyresdal 256, Notodden 77, Nome 130 og Midt-Telemark 202.


Regional analyse - demografi

Befolkningsveksten i Noreg skaut fart etter 2005, då innvandringa auka sterkt. Samtidig ble fødselsoverskotet noko større. I perioden 2007 til 2015 vart veksten i folketalet i Noreg godt over éin prosent kvart år. Etter 2015 sank innvandringa fram til 2020. Innvandringa har auka kraftig i det siste som følgje av mange flyktningar frå Ukraina. Dei siste 12 månadene har nettoinnvandringa til Noreg vore på 0,98 % av folketalet. I figuren under ser vi utviklinga av folketalet i Seljord i absolutte tal sidan starten av 2000.




Kjelde: [Regional analyse](#)

Tabellen under viser andel innvandrerbefolkning. I 2022 utgjorde innvandrere 12,5 % av innbyggerne i Seljord. Hadde det ikke vore for innvandringa, hadde befolkningstala og demografien i Seljord sett svært annleis ut.



Kjelde: [KOSTRA og nøkkeltal 2022 \(framsikt.net\)](#)


I figuren under kan vi sjå fire scenario som finst for folketalsutviklinga i Seljord fram til 2050 når vi legg til grunn at den nasjonale veksten blir som i hovudalternativet til SSB frå 2022. SSBs siste framskriving for Seljord som vart publisert i juli 2022 er også lagt inn.



Kjelde: [Regional analyse](#)

Fødselsbalanse og nettoflytting i framtida


Figuren under visar korleis befolkningsendringane fordelar seg på fødselsoverskott og nettoflytting i Seljord i scenariet med nøytral attraktivitet.



Kjelde: [Regional analyse](#)

Arbeidsplassutviklinga i Seljord

Det har vore nedgang i talet på arbeidsplassar i Seljord sidan 2013. Det er viktig å få ein positiv arbeidsplassvekst for å få fleire innflyttarar til kommunen. Næringsutviklinga blir viktig slik at det blir fleire arbeidsplassar i kommunen.




Kjelde: [Regional analyse](#)

Figuren over visar antal arbeidsplassar fordelt på privat og offentlig sektor fram til 2021 og utviklinga i vald scenario (hovudalternativet) fram til 2050 i Seljord.

Det vil heilt sikkert bli konjunktursvingningar i framtida med periodar med nedgang og andre periodar med vekst. Det er midlertidig umogleg å forutsi slike svingingar, og framskrivingane er difor jamne.

Demografiutgiftar


Grafen under visar den økonomiske effekten av endring i befolkningsprognosen frå eit år til neste. Her kan ein tydeleg sjå korleis utgiftsbehovet for den eldre delen av befolkninga har ei formidabel auke, mens behovet i grunnskulen særleg går mykje ned.



Kjelde: [Befolkningsprognose \(framsikt.net\)](https://framsikt.net)

Aldersfordeling i befolkninga

Grafen under visar vekst per aldersgruppe og totalt. Som grafen viser, er det gruppa eldre 80 til 89 år som har ei eksplisiv auke.



Kjelde: [Befolkningsprognose \(framsikt.net\)](https://framsikt.net)

5 Interkommunalt samarbeid

Seljord kommune har løyst fleire av oppgåvene sine gjennom ulike former for interkommunalt samarbeid, og er sjølv også vertskommune for fleire slike. Mykje av den kommunale tenesteproduksjonen vert gjeve gjennom slikt samarbeid.


Under følgjer ein kort oversikt over det interkommunale samarbeidet som er etablert. Aksjeselskap og stiftingar er ikkje teke med i denne oversikten.

Samarbeid om	Namn på føretak	Organisasjons-/samarbeidsform	Deltakarar	Vertskapskommune Lokalisering
Samhandlingskoordinering av helsetenestar	Samhandlingskoordinator	Samarbeidsavtale	Helseforetaket og Vest-Telemark kommunane	Seljord kommune
Jordmortenester	Jordmorsamarbeidet i VT	Samarbeidsavtale	Kommunane Kviteseid, Fyresdal, Vinje og Seljord	Vinje kommune
Opplæring i norsk og samfunnskunnskap		Samarbeidsavtale	Kviteseid og Seljord	Seljord kommune
Kommuneoverlege		Samarbeidsavtale	Interkommunalt samarbeid Kviteseid og Seljord	Seljord kommune
Legevakttenesta kveld/helg/natt		Samarbeidsavtale	Legevakt-samarbeid Kviteseid/Seljord	Seljord kommune (kveld/helg) Notodden kommune (Natt)
Krisesenter Felles krisesentertilbod		Samarbeidsavtale	Alle kommunane i Telemark	Skien kommune
Kraftkompetanse	Kraftkompetanse KO	Kommunalt oppgåvefellesskap KO	Vestfold og Telemark fylkeskommune, Tinn, Vinje, Tokke, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal og Hjartdal	Vinje kommune

Felles innkjøpsenhet	Telemark Innkjøpssamarbeid (TIS)	Kommunalt oppgåvefelleskap KO	Kviteseid, Nissedal, Nome, Midt-Telemark, Seljord, Vinje og Tokke	Midt-Telemark kommune
Barnevern	Barneverns-samarbeidet i Vest-Telemark	Vertskommune-samarbeid	Vest-Telemark kommunane	Kviteseid kommune
NAV	NAV Vest-Telemark	Vertskommune-samarbeid	Vest-Telemark kommunane	Tokke kommune
Kommune psykolog		Vertskommune-samarbeid	Vest-Telemark kommunane	Seljord kommune
Rask psykisk helsehjelp	RPH Vest-Telemark	Vertskommune-samarbeid	Kommunane Vest-Telemark	Seljord kommune
Arkivtenester	Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKA Kongsberg	IKS	Kommunar og fylkeskommunane Buskerud, Vestfold og Telemark	Kongsberg
Alarm tenester brann, ulykker, akutt forureining og andre kriser	Sør-Øst 110	IKS	Mange kommunar	Skien
Brannvern førebyggjande og feietenestar	Brannvern-samarbeidet i VT	IKS	Kommunane Vest-Telemark	Tokke kommune
Kontrollutval - felles sekretariat for	Vestfold og Telemark Kontrollutvalgs-sekretariat Vetaks	IKS	Eigd av 33 kommunar, 2 fylkeskommunar i Vestfold, Telemark og Agder	Midt-Telemark kommune
Renovasjon	Renovest	IKS	Kommunane Seljord, Fyresdal, Kviteseid, Tokke og Vinje	Kviteseid kommune
Revisjon	Vestfold og Telemark revisjon VTR IKS	IKS	IKS eigd av kommunane i Vestfold og Telemark	Bø Skien
Pedagogisk psykologisk tenester	PPT Vest-Telemark IKS	IKS	Vest-Telemark kommunane og fylkeskommunen	Kviteseid kommune

6 Oppvekst


Organisering



Tenesteområdet er organisert med einingsleiarar, avdelingsleiarar og stillingar direkte under kommunalsjef. To spesialpedagogiske stillingar er direkte knytt til spesialpedagogisk elevarbeid og arbeid i barnehagane. Det er einingsleiarar på Flatdal oppvekstsenter, Seljord barnehage, og Seljord barne- og ungdomsskule. Kulturskule og avdeling for integrering og voksenopplæring har ikkje einingsleiarar men avdelingsleiarar.


Nykkeltal

Seljord kommune har hatt ein liten nedgang i driftsutgifter til grunnskule. Samanlikna med andre kommunar i vår KOSTRAGruppe brukar kommunen mykje på å drift. Årsaka til dette er i hovudsak knytt til nedgang i elevtalet, auka behov for spesialundervisning og auka vikarkostnader på grunn av fråvær under korona. Dette utviklinga gjeld òg barnehagane.




[Kjelde: Analyse \(framsikt.net\)](#)

Grafen over visar brutto driftsutgifter per innbyggjar i kommunen.




[Kjelde: Analyse \(framsikt.net\)](#)

Grafen over viser brutto driftsutgifter til grunnskule, per elev. Begge grafane over visar ein auke i kostnadane til drift av grunnskulen i Seljord. Færre elever per pedagog i skulen er hovuddrivaren for auke. Her ligg dermed også en største moglegheita for innsparing.



[Kjelde: Analyse \(framsikt.net\)](#)

Grafen over visar brutto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar i kommunen.



[Kjelde: Analyse \(framsikt.net\)](#)

Grafen over visar brutto driftsutgifter til barnehage, per barn. Begge grafane over visar ein auke i kostnadane til drift av barnehagane i kommunen. Fleire pedagogar enn det pedagognorma krev er ein av hovuddrivarene for auka i utgiftene til drift av barnehagane. Her ligg dermed også en største moglegheita for innsparing.

Måloppnåing, utvikling og utfordringar

Frå samfunnsdelen i kommuneplanen ligg desse strategiske måla for tenesteområdet:

- Seljord skal tilby gode barnehagar og skular
- Seljord skal leggje til rette for meiningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle

Dei første månadene av året opplevde einingane innafor oppvekst ein del fråvær knytt til Covid-19, situasjonen roa seg noko etter vinterferien.

I 2022 fortsette alle barnehagar og skular i den statlege satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», IBSM. Det er gjennomført omfattande kursing av tilsette på skulane, og gjennomført fleire storforeldremøte. Vi har leigd inn ekstern hjelp til dette arbeidet frå firmaet Godskole (skule) og Styd kommunikasjon (barnehage). Kostnaden er i all hovudsak dekt av statlege midlar. Diverre var det ikkje midlar til å vidareføre samarbeidet for skulen på same nivå i 2022, medan barnehage har halde fram heile 2022 med Styd kommunikasjon. Det blei også søkt om midlar til LOS-koordinator, som starta opp 15. august. Størsteparten av arbeidsdagen til LOSen er knytt til skulekvardagen ved Seljord barne- og ungdomsskule.

Seljord kommune søkte og fekk tildelt midlar til eit aktivitetstilbod for barn og unge i skulealder, «Sommar skulen 22 - ein aktiv sommar!». Om lag 80 % av alle barn i grunnskulealder var med på ein eller fleire aktivitetar sommaren 2022. Sommar skulen gav 3 heile sommarjobbstillingar som blei fordelt på seks aktivitetsleiarar. Det var omtrent 55 aktivitetar som blei gjennomført i løpet av 40 dagar. Kommunen sin heimeside, facebook og appen «Sommar skulen» blei brukt som informasjonskanalar ut til deltakarane. Nye aktivitetar vart lagt ut fortløpande gjennom sommaren, og ein har fått sær gode tilbakemeldingar på denne satsinga.

I alle budsjettframlegg dei siste ti åra er det varsla om barnetals- og elevtalsutviklinga i barnehage og skule. Det blei født 26 born i Seljord i 2022 og det er eit positivt trekk. Kommunen tok i mot 54 flyktningar i løpet av året 2022, 19 av dei er i alderen 0-15 år. Det er likevel grunn til å tru at vår største utfordring dei neste åra vil vere å tilpasse dei kommunale tenestene til færre barn og elevar, parallelt med at ein skal redusere den økonomiske ramma kraftig og behalde tenestestruktur som i dag

Tiltaka som er knytt til strategiane, må resultere i måloppnåing innanfor ei gjeven tid. Ulike indikatorar kan nyttast for å vise endring i kvaliteten i tenesteområda. I årsmeldinga er det samla ei rekke kvalitetsindikatorar og tal som er relevante for å beskrive tenestekvalitet og -omfang. Kvart talgrunnlag vert kommentert fortløpande.

[Tal på elevar og barn som får oppveksttenester.](#)

I 2021 var det 105 barn frå 0-6 år som fekk barnehagetilbod i kommunen, i 2022 er tilsvarande tal 103 barn. På slutten av året 2022 blei det tildelt plass til fleire barn under 3 år, samstundes var det barn som fekk plass ved hovudopptaket som ikkje ønska å nytte tilbodet frå oppstart av barnehageåret i august. Fleire av dei valde å vente med oppstart til januar 2023. Barnehagane må likevel bemanne for å ta i mot dei barna som er tildelt plass ved oppstart av

barnehageåret, det utfordrar drifta og dei økonomiske rammene til barnehagane i kommunen.


Einingane ser ein dreining i at det blir søkt om barnehagetilbod for fleire 0-1 åringar enn tidlegare. Talet på barn i barnehagane og omfanget på tilbodet dei mottar varierer gjennom året, men totalt sett er det ikkje store endringar. Det er grunn til å tru at utviklinga vil vere negativ dei neste tre åra før ho stabiliserer seg. Det er likevel knytt stor uvisse til behovet for plassar i skule og barnehage grunna migrasjon.

Barn i barnehage i forhold til arealnorm for barnehage 2022

	Barn over 3 år	Barn under 3 år	Arealnorm krav	Areal i bhg	m2 over krav
Heddeli barnehage	23	14	188	230	42
Tussejuv barnehage	28	16	252	320	68
Flatdal barnehage	19	3	94	92	-2
Totalt areal over norm					108
Vedtatt norm for areal					
Over 3 år (m2 pr barn)	4	m2			
Under 3 år (m2 pr barn)	6	m2			
Leikeareal pr barn i 2021		m2			

Barnetalsutvikling 0-6 år, 2008-2022

Kjelde: basilrapport.udir.no/




Kjelde: basilrapport.udir.no/

Barnehage

Ein kvalitetsindikator er den lovpålagde pedagognorma. Seljord kommune har 12,3 årsverk med pedagogar, det gjev eit snitt i underkant av 8 barn per pedagog. Normalt er 14 barn per pedagog. Ein annan kvalitetsindikator er barn per tilsett i barnehagen. Der ligg Seljord kommune på 5,13 barn per tilsett, den øvre grensa er 6 barn per tilsett. Her leverer barnehagane tenester med ein kvalitet over det nasjonale minstekravet. Dette utgjør ei stor ressursprioritering for Seljord kommune.

Organiseringa av dagen, fråvær, kompetanseheving, møte og liknande kan ha mykje å seie for kor mange tilsette som faktisk er saman med barna til ei kvar tid.



Grunnskule

Elevundersøkinga og Grunnskolens informasjonssystem (GSI) er gode indikatorar for kvalitet og tenestetilbod i grunnskulen. Tabellen viser at skulane i Seljord har langt fleire pedagogar enn krava i pedagognorma. Lærartettleik er eit minimumskrav og skulane har her høgare tenestekvalitet enn det som krævast. Skulestrukturen og organiseringa av klasser medfører at det ikkje er enkelt å få eit optimalt elevtal på alle steg, dermed blir lærartettleiken høgare enn den nasjonale norma.

Lærarressursar til vanleg undervisning	Seljord	Flatdal
1.-4. steg norm: 15 elevar per lærar	10,46	10,50
5.-7. steg norm 20 elevar per lærar	19,96	14,17
8.-10 steg norm 20 elevar per lærar	10,43	

Kjelde: gsi 2022

Elevane på 7. steg i Seljord trivst på skulen om lag på same nivå som dei gjer elles i fylket og landet, medan elevane på 10. steg i Seljord svarar at det trivst litt dårlegare enn i fylket og landet. Når det gjeld indikatoren motivasjon er elevane på 7. steg i Seljord i større grad motiverte enn elevane på 10. steg i fylket og landet. For 10. steg er tilsvarende tal omtrent som for fylket og landet.

Elevundersøkinga				
2022-2023	Trivsel 7. steg	Trivsel 10. steg	Motivasjon 7. steg	Motivasjon 10. steg
Noreg	4,1	4,1	3,5	3,3
Vestfold og Telemark	4,1	4,1	3,5	3,4
Seljord	4,2	3,8	4,0	3,3

Kjelde: Udir 2022, skala frå 1-5

Etter mange år med negative mobbetal såg ein en liten betring i 2021. Elevundersøkinga som blei utført hausten 2022 er ei kraftig forverring i utviklinga. Det blei sett i gang både kort- og

langsiktige tiltak etter resultatet av undersøkinga. For eksempel blei det oppretta skulemiljøteam, samtaler både i smågrupper og med enkeltelevar utført av skule-LOS og sosialrådgjevar i skulen. Eksempel på langsiktige tiltak er innføring av MOT i skulane, noko som vil skje i 2023.

Elevundersøkinga -hausten 2022		
2022-2023	Mobbing 7. steg	Mobbing 10. steg
Noreg	9,9	7,4
Vestfold og Telemark	9,8	8,3
Seljord	*	29,2
Kjelde: Udir 2022, % av elevar		
<ul style="list-style-type: none"> Tala er unntatt offentlegheita 		

Oppsummering

Elevane trivst og er motiverte, men det har vore for mange elevar som blir mobba på skule og i fritida. Skulen får akseptable resultat, men ressursbruken er høg, særleg på spesialundervisning. Her må ein kunne vente endringar dei neste åra på bakgrunn av Stortingsmelding 6, tiltak for «tidleg innsats» og «kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkludering». Arbeidet med Kompetanseløftet vil bli starta på hausten 2023 saman med dei andre Vest-Telemarkkommunane. Læringsmiljøsentret i Stavanger skal vere samarbeidspartar i kompetansehevinga og implementering av Kompetanseløftet. Mobbetala frå elevundersøkinga er på ingen måte bra og tiltak som tidlegare nemnd vil vere heilt nødvendig.

Tilsynet frå Statsforvaltaren konkludera med at PP-tenesta brukar for lang tid på utgreiing, jobbar ikkje systematisk, og elevar held oppe behova for spesialpedagogisk hjelp. Statsforvaltaren påla blant anna PPT om å halde seg til rettleiaren for sakkyndige vurderingar i arbeidet med tilviste saker. Arbeidet har gitt resultat og PPT melder at ventetida har gått betrakteleg ned.

Tenestetilbod og status i einingane

Avdeling for integrering og vaksenopplæring

Da året starta var det bestemt busetting av 13 nye flyktningar til Seljord, men med krigen i Ukraina endra også busettingsbehovet i Noreg seg. Seljord kommune fatta nytt, ekstraordinært vedtak om busetting av inntil 70 flyktningar i 2022. Ved utgangen av 2022 var det faktiske talet på busette 54 flyktningar (77 % av måлтаlet 70). 41 frå Ukraina og 13 frå andre land (Kongo, Syria, Afghanistan og Tyrkia).

Vi busette slik:

Busetting	Nasjonalitet	Tal personar	0-5 år	6-15 år	15-18 år	18-54 år	55 år-
1	Ukraina	3	0	0	1	1	1
2	Ukraina	3		1	1	1	
3	Ukraina	2				1	1
4a	Ukraina	7	1	5		1	
4b	Ukraina	1				1	
5	Syria	5	1	2		2	
6	Ukraina	1				1	
7	Ukraina	3				2	1
8	Ukraina	2				2	
9	Ukraina	1				1	
10	Ukraina	2		1		1	
11	Ukraina	4	2			2	
12	Ukraina	1				1	
13	Ukraina	2				2	
14	Kongo	6	1	3		2	
15	Afghanistan	1			1		
16	Tyrkia	1				1	
17	Ukraina	1					1
18	Ukraina	1					1
19	Ukraina	4		1		2	1
20	Ukraina	3	1			2	
		54	6	13	3	26	6

Flyktingane er i all hovudsak busett i sentrumsnære bustader, private og kommunale. Seint på hausten 2022 blei det også busett ein familie og ein einsleg vaksen i Flatdal. Tenesta ynskjer at busettinga i hovudsak skjer sentrumsnært, da det forenklar behovet for transport til/frå norskopplæring, skule, helse og andre flyktingar. Vi ser for oss at vi må busette fleire utanfor sentrum etter kvart som det blir vanskeleg å finne ledige bustader sentralt.

Det blei oppretta ei kommunal tverrfagleg arbeidsgruppe for å handtere den store busettingsoppgåva. I gruppa sit representantar frå alle kommunale tenester. Seint på sommaren 2022 opplevde fleire tenester store kapasitetsutfordringar og vi måtte "pause" busettinga ein periode. Busettinga starta opp igjen seint på hausten, men da med busetting av fleire einslege vaksne og ein familie til Flatdal.

Avdelinga har auka i omfang grunna den ekstraordinære situasjonen. Vi er no om lag 10 årsverk fordelt på 15 personar. Vi har to nye lærarar i vaksenopplæringa og to nye tilsette i flyktingetenesta. Majoriteten av flyktingane er frå Ukraina har høgare utdanning, og skal gjennom eit kort introduksjonsprogram (6-12 mnd). Det vil bli ei stor utfordring å kvalifisere alle til vidare arbeid og utdanning, men vi har eit godt samarbeid med NAV VT og har så langt trua på at dei fleste skal kome seg vidare til relevant utdanning/arbeid. Som kommune må vi

akseptere å la fleire av flyktningane få “sekundærflytting” til nye kommunar dersom dei da får større sjanse til arbeid og/eller utdanning.

[Seljord barne- og ungdomsskule](#)

Seljord barne- og ungdomsskule starta året med å lyse etter ny rektor, som starta opp i stillinga i mai 2022. Mellombels var kommunalsjef fungerande rektor.

Året har vore prega av krigen i Ukraina og flyktningssituasjonen. I løpet av hausthalvåret tok skulen i mot 13 elevar frå fire ulike nasjonalitetar. I tillegg til at dei ikkje kan språket, erfarer vi at det er mange med særskilte behov på ulikt vis. Nokre behov vil vera vedvarande gjennom heile skuleløpet og krevje økonomiske ressursar. Arbeidet med å ta i mot flyktningar er ressurskrevjande for skulen og krev mykje av kapasiteten til eininga. Flyktningstraumen fører til at elevtalet på skulen held seg stabilt.

I løpet av planleggingsdagane i august jobba personalet med læreplanen med fokus på tverrfagleg læring. Dette munna ut i fleire tverrfaglege prosjekt som vart gjennomført utover hausthalvåret og som vil halde fram.

Skulen har ei stor utfordring i å vera samanslått til ei eining, og framleis halde til i to bygg. Dei tilsette møter ikkje kvarandre i kvardagen, noko som gjer det meir utfordrande å bygge ein felles kultur og å hente ut dei gevinstane som ligg i å vera ein 1. - 10. skule. For å bygge felles kultur har dei tilsette frå hausthalvåret 2022 kvar veke møtst til felles utviklingstid kor vi har jobba med bekymringsfullt skulefråvær, trygt og godt skulemiljø og læreplanarbeid.

Kommunen har hatt ei satsing over fleire år knytt til skulemiljø saman med Paul Viktor Viker i «God skole». Samarbeidet var ferdig etter skuleåret 2021/22. I hausthalvåret har derfor fokuset vore på å ta vare på og vidareutvikle det som er bygd opp. Eit konkret døme på dette er systematiske, korte elevsamtaler som kontaktlærarane gjennomfører med elevane kvar veke. Hensikta med samtalene er å sjå kvar einskild elev, elevmedverknad og innsikt i skulemiljøet.

Når det gjeld digital utvikling og effektivisering har skulen jobba med å ta i bruk fleire funksjonar og modular i Visma. Mellom anna har ressursstyringsmodulen blitt tatt i bruk frå skuleåret 2022/23, og arkivmodulen Visma sikker sak er under implementering.

[Flatdal oppvekstsenter, avdeling skule](#)

Skulen har i dag 86 elevar fordela på 50 i småskule (1.-4. trinn) og 36 på mellomtrinnet (5.-7. trinn). Det er i dag ein klasse på kvart steg. Det er om lag 18 årsverk på skulen fordela mellom flest pedagogar, nokre fagarbeidarar og assistentar og ein administrasjon på eit årsverk.

Skulen sine satsingsområder er som i fjor “Eit trygt og godt skulemiljø” og fagfornyinga. Elevundersøkinga viser tydeleg at jobben som har vert lagt ned i å skape tryggleik og eit godt læringsmiljø har virka. Kompetansepakke for nye tilsette i Trygt og godt skulemiljø (UDIR) er/blir gjennomført for alle nytilsette. Den nye læreplanen er implementera og kjem av den grunn ikkje til å ha det fokuset lengre som det har hatt til nå. Skulen, saman med Seljord

barne- og ungdomsskule, har starta eit arbeid med betre leggje til rette for dei med diagnosen dysleksi. Dette arbeidet held fram neste skuleår.

I tillegg vil "ny skule" få ennå meir fokus. Dei tilsette og elevane har i år sjølv flytta ut og tømt ein heil skule. Den daglege drifta er i skulebrakkerigg og på Flatdal samfunnshus. Det har vore store omveltingar for både barn og vaksne, men vi har funne oss godt til rette i dei midlertidige bygga. Rutinane vi har skapt gjennom God Skole-prosjektet er heldt fram og har gjort overgangen enklare. Felles leiing, relasjonsarbeid, trygge rammer og ikkje minst elevsamtalar kvar veke har gjort at både vaksne og elevar har hatt ein trygg felles sak å halde seg til under ein stor endringsprosess. Kurva for fagleg nivå er jamt stigande jamfør nasjonale kartleggingar. Skulen er over snitt i lesing og rekning. Når det ser ut til at den grunnleggjande tryggleiken er til stade på skulen, kan ein jobbe ennå meir intenst med utvikling av fagleg nivå.

På grunn av skysstider er det om lag 35 elevar som er under tilsyn av vaksne ein time fire dagar i veka. Ordninga fell ikkje under undervisning og ikkje SFO. I tillegg til lønnsutgifter, medfører bindinga av tre tilsette til ein mindre fleksibel arbeidstid for assistentar, fagarbeidarar og andre tilsette ved skulen. Det bind opp tilsette som kunne vore på SFO eller i undervisning for mellomtrinnelevane.

Det er viktig for skulen å halde fram arbeidet med administrative system. Skulen er ikkje i mål med all implementering.

[Flatdal oppvekstsenter barnehage](#) og [Seljord barnehage](#)

Ved utgangen av året er det 22 barn/25 plassar ved Flatdal barnehage. 3 av desse er under 3 år. Det er totalt 5,60 årsverk inkl. styrar og spesialpedagogiske tiltak.

Ved Seljord barnehage avdeling Heddeli er det 39 barn/53 plassar i barnehagen, og totalt 10,2 årsverk inkl. styrar og spesialpedagogiske tiltak. Ved avdeling Tussejuv 53 barn/74 plassar i barnehagen med totalt 15,4 årsverk inkl. styrar og spesialpedagogiske tiltak.

Barnehagane i Seljord har implementert handlingsplan for trygge og inkluderande barnehagemiljø. Som eit ledd i satsinga "Psykisk helsefremjande barnehagar" er det stort fokus på utvikling av eit inkluderande barnehagemiljø for alle barn, foreldre og personalet. Barnehagane i Seljord har engasjert STYD-kommunikasjon til å rettleie personalet. Vi har jobba med å implementere korleis vi legg til rette for inkluderande leikemiljø og personalets inkluderande rolle i leik og anna samspel med barna. Frå og med hausten 2022 har vi hatt, og har fortsatt, fokus på leiing og foreldresamarbeid der vi jobbar med å etablere ein "Snakke saman-kultur". Våren 2022 kom vi i hamn med å utarbeide vedtekter for SU og Foreldrerådet.

I samband med utbetring og utbygging av Flatdal skule, er det sett fokus på barnehagestrukturen i kommunen. I barnehagane har vi høgt langtidssjukefråvær og til tider høgt korttidsfråvær. Dette forsterkar presset på bemanninga. Vikartilgangen er generelt utfordrande. Vi sto i siste fase av pandemien vinteren 2022, noko som forsterka presset på bemanninga ytterlegare.

Kulturskulen

Kulturskulen hadde ved utgangen av 2022 12 lærarar i små eller større stillingar. Lærarkreftene er særstabile, og har vore det over mange år.

Det aller meste av undervisninga går føre seg på Granvin i Seljord, men ein del av undervisninga er desentralisert til Flatdal skule og Flatdal samfunnshus.

Ved utgangen av 2022 var det 130 elevplassar registrerte i kulturskulen. Av desse var det 32 medlemmer i korpsa som blei undervist gjennom kulturskulen, tre vaksne fekk undervisning til sjølvkost og tre elevar frå Kviteseid kommune fekk undervisning i fiolin. I tillegg har kulturskulen undervisning i 4. klasse og 8. klasse kvar veke. Nytt av året er at teatergruppa starta opp att. Kulturskulen sel undervisning til sjølvkost til Kviteseid kulturskule.

I august 2022 kom det ny rektor på kulturskulen.

Eininga har god søking til song, piano, klempreinstrument og slagverk. Teatergruppa var i miste laget, og vi vil jobbe for å auke påmeldinga til dette tilbodet. Vi vil og sjå på mogelegheit for utviding av tilbod når det gjeld visuell kunst og eventuelt dans og få til samarbeid med lokale foreiningar og over kommunegrensene. Ein ønskjer å jobbe med rekruttering til alle disiplinane. Her er det viktig å gjere ein god innsats i «musikk i skulen» for 4. klasse (Seljord) og 3. klasse (Flatdal), i tillegg til rekrutteringskonsertane i april. Ein ønskjer også å rekruttere fleire til barnekoret og teatergruppa.

Område som ein må ha fokus på det komande året er å:

- Jobbe vidare med samspelstiltak på tvers av disiplinane.
- Auke deltakinga i barnekoret og teatergruppa.
- Utvide tilbodet innan visuell kunst og eventuelt dans.
- Halde fram med samarbeid med kulturskular i nærområdet.
- Få Speedadmin til å vere søkbart for nye og gamle søkarar innan fristen 1.5.23

Interkommunalt samarbeid

Vest-Telemark PPT er ei interkommunal, gjennomgåande teneste (IKS) som dekkjer kommunane Vinje, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vestfold og Telemark fylke. Kontoret har ved utgangen av 2022 8,49 årsverk fordelt mellom dagleg leiar, sekretær PP-rådgjevarar og reinhald. Rådgjevarane i skuleteamet arbeider to og to saman ut mot den einskilde skule. I arbeidet med sakkunne er det fast rutine at sakkyndige vurderingar skal godkjennast av leiar før dei blir sende ut til skule og foreldre/elevar.

Vest-Telemark PPT samarbeider blant anna med skulane gjennom TPO-team (TPO = tilpassa opplæring) inntil 9 gonger per år. TPO-teamet består av rektor, TPO-leiar, 2 PPT rådgjevarar og kontaktlærar når eigne elevar blir drøfta. Aktuelle andre kan vere helsesjukepleiar, barnevern, rådgjevar og sosiallærar. Foreldre kan også delta i TPO-møtet.

PPT bistår skulane med individualsaker, systemsaker, og gir skulane hjelp til utvikling av kompetanse og organisasjon for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov. PPT

deltar i ulike nettverk og prosjekt saman med skulane, og arrangerer kompetansesamlingar med utvalde tema basert på dei behova skulane har. Område for rettleiing bli valde etter kva som er innmeldte behov frå skulane, eller med bakgrunn i opplysningar som kjem fram på annan måte gjennom PPT sitt samarbeid med skulane.

I årsmeldinga frå PPT for 2022 finn ein oversikt på kor mange barn som har blitt henvist til PPT dei siste sju åra. Den viser at Seljord kommune hadde flest henvisningar i 2018 med 26,5 prosent, og ein forholdsvis høgt tal med 25 prosent i 2020. Dei to siste åra har andelen gått kraftig ned. Ein skal vere varsam med å trekke konklusjonar, men det kan tyde på større grad av tilrettelegging innan for det ordinære undervisningstilbodet og tidleg innsats.

Kjelde: Årsmelding 2022 Vest-Telemark PPT IKS

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Prosent andel elevar i kvar kommune (av grunnskule barn)
Fyresdal	5,5	11	13	12,5	11	6	10	9,56
Kviteseid	17,5	21	13	10,5	11	14	8	14,22
Nissedal	15	9	9,5	10	9	11	11	11,86
Seljord	11	11	26,5	11,5	25	21	16	21,98
Tokke	8	7	12	20	11	7	13	14,9
Vinje	25	23	14	20,5	24	18	16	27,45
Vestfold og Telemark fylke	17,5	19	12	15	9	10	6	*367 elevar
BHG						11	17	
Vaksne						2	3	

*Ein vel å ikkje reken med elevar i VGS i kommunane sin andel elevar.

Det blei i 2021 gjennomført tilsyn frå statsforvaltar på utarbeiding av sakkunnige vurderingar og hjelp til skulane med kompetanse- og organisasjonsutvikling. Endeleg tilsynsrapport blei framlagd i januar 2022 med pålegg om retting av avvik innan 29.04.2022.

Rekneskap

Ansvar	Rekneskap	Justert budsjett	Avvik kr	Avvik %
Fellestenester kommunalsjef	5 754 782	5 222 053	-532 729	-10,2 %
Avdeling for integrering og vaksenopplæring	8 529 008	8 110 820	-418 187	-5,2 %
Kulturskulen	4 074 565	3 982 664	-91 902	-2,3 %
<i>Eining:</i> Seljord barne- og ungdomsskule	39 845 621	39 194 165	-651 456	-1,7 %
<i>Eining:</i> Seljord barnehage	17 707 127	18 414 682	707 555	3,8 %
<i>Eining:</i> Flatdal oppvekstsenter	17 644 492	18 291 288	646 796	3,5 %
Oppvekst	93 555 594	93 215 672	-339 922	-0,4 %

Tenesteområdet har eit meirforbruk på omtrent 340 000. Det er fellestenester kommunalsjef og avdeling for integrering og vaksenopplæring som prosentvis har størst meirforbruk. Innleige av Logopedi Lab har gitt ein auka kostnad til logopedteneste, men det er nok ikkje den einaste faktoren som har påverka resultatet. For eininga integrering og vaksenopplæring er meirforbruket knytt til den store auka med flyktningar til kommunen. Krigen i Ukraina og andre konflikter i verden påverkar straumen av flyktningar. Situasjonen er uforutsigabar og det påverkar fleire tenesteområder i kommunen, det er krevjande å regulere tenester som integrering og vaksenopplæring opp eller ned i volum når busettinga er så varierende.

Seljord barne- og ungdomsskule har eit meirforbruk på 1,66 %, i overkant av 650 000. Det er mottatt mindre midlar frå IMDI for oppfølging av skuleelevar som har store behov utover ordinær undervisning og behova for særskild rettleiing er der fortsett sjølv om perioden med støtte frå IMDI er over. Seljord barnehage har eit mindreforbruk på 3,84 %, det er i stor grad knytt til tilskot for ulike samarbeid, men det er også andre områder med mindreforbruk i eininga. Flatdal oppvekstsenter har ei mindreforbruk på 3,54 %, det er knytt til ei vakant deltidsstilling, sjukepengerefusjon og mangel på vikarar.


7 Helse og omsorg

Organisering




Nykkeltal

Føremålet med statistikken under er i hovudsak å gje ei samla oversikt over den kommunale helse- og omsorgstenesta. Statistikken omfattar opplysningar om mottakarar av ulike kommunale helse- og omsorgstenester, talet på plassar og talet på bebuarar i kommunale institusjonar, og tal for personell innanfor helse- og omsorgstenestene. Statistikken omfattar òg det som tidlegare (før samhandlingsreforma) vart kalla kommunehelsetenesta, slik som fastlege-/allmennlegetenesta, habiliterings- og rehabiliteringstenesta, svangerskaps- og barselsomsorgstenesta og helsestasjons- og skulehelsetenesta.



Kjelde: SSB, Framsikt

*Justert for utgiftsbehov og for inflasjon med deflator.



Kjelde: SSB, Framsikt

Ressursbruksindikatoren i grafen over viser om kommunen bruker meir eller mindre pengar på ein teneste enn gjennomsnittskommunen (justert for kommunens eige utgiftsbehov). Denne indikatoren seier ikkje noko om storleiken på produksjonen eller effektiviteten i kommunen. Om talet er over 100 betyr det at kommunen bruker meir enn snittet. Seljord ligg lågare enn samanliknbare kommunar og KOSTRAgruppa vi tilhøyrar.

Måloppnåing, utvikling og utfordringar

Frå kommuneplanens samfunnsdel ligg dette strategiske målet for tenesteområdet:

- Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester

Helse og omsorg omfattar ei mengde tenester som kommunen har ansvar for overfor alle aldersgrupper. Tenestene blir gjeve til alle innbyggjarar i ulike livsfasar og med varierende tenestebehov. Tenestene skal førebyggje, gje råd og rettleiing, forhindre, oppdage og handsame. Kompetanse og kvalitet er fundamentet i tenestene, og den menneskelege ressursen er vårt viktigaste verktøy. Det er totalt 160 tilsette fordelt på 113 årsverk.

Kommunedelplan for helse - og omsorg 2022-2034 med handlingsdel 2022 - 2025 blei politisk vedtatt i juni 2022. Det er eit heilskapleg og forpliktande styringsdokument, som skal vere retningsgivande, vise strategiske grep som er naudsynt for å møte dei utfordringane som Seljord kommune vil møte og framstille moglege løysingar. Vi skal vere ein god kommune for alle innbyggjarar, vi skal i større grad enn tidlegare sjå heile livsløpet til innbyggjaren med fokus på samanhengande og gode pasientforløp. Dette er eit etterlengta og godt forankra

styringsverktøy som blir brukt aktivt inn i alle prosessar, delplanar, fagplanar og når det skal prioriterast i kommande budsjett og økonomiplanperiode. Tenesteområdet arbeidar etter føringane gitt i helse – og omsorgsplanen.

Seljord kom på 237. plass i sektor pleie og omsorg i endelig Kommunebarometer for 2022. Det er ein liten forbetring frå plassering i 2021 som var 276.plass, men det er mål om å klatre høgare i åra framover. Det er 19 nykkeltal for sektoren og dei viktigaste nykkeltala er andel tilsette med fagutdanning, andelen av bebuarar med omfattande bistandsbehov og andel plassar i sjukeheim i skjerma eining. Vi kjem dårlig ut på tid med lege og fysioterapeut per sjukeheimsbebuar og har relativt låg tilgang på korttidsplassar på institusjon, så dette skal vi ha særskilt fokus på framover.

Tenesteområdet har fleire pågåande prosjekt, store og små. Nytt av 2022 er at Seljord fekk tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid som skal ha fokus på kva for lokale tiltak Seljord treng innanfor rusførebyggande arbeid til unge mellom 12 og 24 år. Prosjektet kjem i gang for fullt på våren 2023, og det er tilsett 1,3 årsverk i prosjektet.

Gode pasientforløp sitt læringsnettverket i øvre Telemark hadde oppstart heilt på tampen av 2021, og er no i full gang. Ti kommunale forbetringsteam og eit forbetringsteam frå Notodden sjukehus deltek i satsinga. Alle einingane frå Seljord er aktivt med, og arbeidet bygger på heilheitlege pasientforløp og samhandling mellom forvaltningsnivå og tenester. Spørsmålet «Kva er viktig for deg?» er sentralt. Det er inngått eit særleg samarbeid kring utskrivingsklare pasientar/ reinnlagte pasientar innan 30 dagar eller ved innlegging 3 gonger på eit år mellom Seljord kommune og Notodden sjukehus som ein direkte effekt av dette.

Vi er inne i sluttspurten av prosjekt Primærhelseteam, og frå våren 2023 skal metoden inngå i normal drift. Kommunen vil fortsette å få driftstilskot inntil ein ny ordning for fastlegar er på plass nasjonalt.

Dette året har vi fått på plass politisk vedtatt helseberedskapsplan. Denne planen er å rekne som ein delplan til kommunen sin overordna beredskapsplan. Helse- og omsorgstenesta har ei særstilling i kommunalt beredskapsarbeid. Det er oppretta ei helseberedskapsgruppe som består av kommunalsjef, kommuneoverlege, einingsleiar og fagpersonar. Grappa skal koordinere og leie kommunale tiltak innan helse, etter delegering frå beredskapsleiinga.

Retningsendring

Retningsendringa i Helse- og omsorgsplan 2022-2034 framhevar fire strategiar og det er naturleg å rapportere etter dei.

- 1.Dimensjon og retning
- 2.Tidlegg innsats
- 3.Kompetanse og rekruttering
- 4.Samarbeid

1 Dimensjon og retning

Seljord kommune har avgrensa kapasitet på opphald i institusjon, særskilt korttidsopphald. Det har i 2022 vore nødvendig å bruke 45 overliggjardøgn på Sjukehuset Telemark til 13 somatiske pasientar som har hatt behov for korttids plass eller tenesteyting i heimen rett etter sjukehusopphald. Det vore behov for 4 overliggardøgn til 1 pasient innan psykiatri.

Kommunen har hatt lite behov for å leige i andre kommunar. Det har vore periodar med ledige langtids plassar, og desse blei nytta til korttids plassar for å kunne ta i mot utskrivingsklare pasientar. Dermed har bruk av overliggardøgn ligge på eit akseptabelt nivå. Stort fokus kring rehabilitering, utgreiing/ behandling og avlasting i institusjon har bidrege til sirkulasjon på korttids plassar.

I 2022 blei det oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe innan velferdsteknologi, kor alle einingar og profesjonar er representert. Tenestekontoret er leiar av gruppa. Velferdsteknologi kan gje gevinstar for både innbyggjarar og helsepersonell. Helseteknologi kan gjere at fleire kan bu heime og klare seg sjølv, og er eit viktig tiltak for å dempe etterspurnaden etter helsepersonell.

2 Tidleg innsats

Frå 1. august var det ei lovfesta rett til barnekoordinator i kommunane. I Seljord kommune er det tenestekontoret som koordinerande eining som er barnekoordinator. Retten til barnekoordinator gjeld for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne og der barnet har behov for langvarige og koordinerte helse -og omsorgstenester.

Barne -og ungdomsteamet i Seljord er sett saman av representantar frå helsestasjonen, skulehelsetenesta, psykisk helse, fysioterapi, kommunepsykolog, barnevern, lege, barnehage og skule. Teamet skal gjennom rettleiing hjelpe foreldre til å skape trygge rammer for barns oppvekst og utvikling. I 2022 har dette teamet hatt ein god utvikling, og det er ein god arena for å samhandle og førebygge.

Partnerskapsmodellen i folkehelsearbeidet gjer gjensidige forpliktingar mellom kommunane og fylkeskommunen. Det er i 2022 oppretta ei tverrsektoriell arbeidsgruppe innan folkehelsearbeid som blant anna skal forme ein lokal folkehelseplan. Seljord har ein folkehelsekoordinator i 20 % stilling. Det er mange positive ting med folkehelsa i Seljord. Blant anna har vi eit av verdas reinaste drikkevatt og god luftkvalitet kring oss. Vi har færre med psykiske symptom og lidingar, og færre med muskel -og skjelettplagar enn landet for øvrig. På den negative sida har vi låg andel med vidaregåande eller høgare utdanning, fleire mottakarar av uførepensjon, fleire unge med overvekt og fedme og færre unge som trivast i lokalmiljøet. Det at unge ikkje trivst og har det bra, opplever mobbing er bekymringsfullt. Dette skal ha høg prioritet i folkehelsearbeidet framover.

I Dyrsku'helga testa vi ut eit førebyggjande oppsøkjande team. Teamet, som bestod av SLT-koordinator og helsesjukepleiarane, var til stades for dei unge og var trygge vaksenpersonar i sentrum på kveld og natte tid. Dyrsku'n er ei helg det ungdom ofte samlast i og omkring

sentrum på kveldstid. Teamet kunne ha dialog med samarbeidspartnarar, som til dømes naudetatar og legevakt. Det var ei god erfaring og gode attendemeldingar frå innbyggjarar og politi på at dette var eit godt tiltak. Ein må sjå på om dette bør implementerast som eit fast tiltak ved festivalar og Dyrsku'n framover.

3 Kompetanse og rekruttering

Det er, og vil bli, store rekrutteringsutfordringar framover. Vi må ta inn over oss at tal på menneske i arbeidsdyktig alder ikkje vil stå i samsvar med auka av eldre framover. Det er store vanskar med å rekruttere i alle einingane, og ikkje minst behalde, spesielt innan institusjon og tilrettelagte tenester. Vi merkar ei endring ved at det er større vanskar med å få tak i all kompetanse, ikkje berre sjukepleiarar og legar, men også helsefagarbeidarar og ufaglærte assistentar. Det er mindre attraktivt å søke seg til helgestillingar og ekstraarbeid ved sidan av til dømes utdanningsløp.

Rekruttering av kvalifisert fagpersonell er ein kontinuerlig og prioritert jobb. Det er viktig i tida framover for å oppretthalde, behalde og utvikle god fagkompetanse. Løn, moglegheit for kompetanseutvikling og arbeidsmiljø er faktorar som blir viktige i ein rekrutteringsprosess

Det er gjort fleire grep for å behalde og bygge robuste fagmiljø, ha rett kompetanse på rett plass til rett tid og ha fokus på å vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen har mellom anna knytt til seg fleire lærlingar innan helse og omsorg, fått på plass støtteordningar for bachelorutdanning og vidareutdanning, inngått samarbeidsavtale med USN og AOF om å vere ein stabil praksiskommune og blitt kommune nummer 9 som satsar på «Menn i Helse».

Vi opplever at vi må starte endå tidlegare og har gjort gode erfaringar med å også ta elevar inn i observasjonspraksis i ulike einingar. Vi ynskjer å rekruttere våre framtidige kollegaer. Det er viktig å marknadsføre kommunen som arbeidsplass og som praksiskommune. Tilsette frå oppvekst og helse reiste saman på karrieredag i Porsgrunn arrangert av USN og stod på stand for Seljord kommune.

Første kull i Fleksisjukepleie starta opp på Notodden hausten 2022. Seljord hadde fleire søkarar, men diverre kom ingen av kandidatane inn. Det kan vere naudsynt å legge til rette slik at tilsette som er motiverte til å søke på bachelor kan forbetre karakterar slik at dei kjem innanfor minimumskravet i matte og norsk. Det er ordinært inntak og sær sars vanskeleg å kome inn grunna søkarmassen. Ein kan likevel spørje seg om tilbodet har treft etter hensikta då over halvparten som kom inn på studiet kjem frå dei meir sentrale kommunane nære læringsstad og sjukehus.

Helse og omsorg har gjennom året hatt fokus på strategisk kompetanseplanlegging. Kommunane plikter å planlegge sin verksemd og skal ha eit styringssystem for dette. Planen skal innehalde framskrivingar av framtidig behov for kompetanse, korleis kompetanse skal nyttast og sikre tilstrekkeleg fagleg bredde. Eit sentralt tema er å sikre at det ikkje oppstår brot i forløp grunna mangel på kompetanse i sårbare overgangar. Planen skal vere ferdigstilt våren 2023.

4 Samarbeid

Funksjonen samhandlingskoordinator er forankra i overordna samarbeidsavtale mellom Sykehuset Telemark Helseforetak (STHF) og kommunane i Vest-Telemark. Det har blant anna ført til eit kommunalsjefforum i helse og omsorg, der kommunalsjefar frå alle 6 kommunane i Vest-Telemark deltek saman med samhandlingskoordinator og representant i frå KS. Desse møta er svært kjærkomne i å bygge relasjonar og ha erfaringsvekslingar på tvers av kommunegrenser.

Seljord kommune er vertskommune for fleire interkommunale samarbeid innanfor helse og omsorg. I 2022 har det vore gjennomført eit prosjekt på å etablere Rask psykisk helsehjelp (RPH) i Vest- Telemark. RPH er eit kortvarig behandlingstilbod til personar over 16 år med mild til moderat depresjon, angst, byrjande rusproblem og/ eller søvnevanskar. RPH er eit lågterskeltilbod basert på kognitiv terapi. Arbeidet med å utarbeide eit grunnlag for vurdering av RPH i Vest-Telemark starta i desember 2021 og vart slutført våren 2022. Saka var til politisk handsaming i kommunane, og alle seks Vest-Telemarkkommunane vedtok å vera med i eit vertskommunesamarbeid om RPH. Samhandlingskoordinator har vore prosjektleiar med Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA) som ein viktig samarbeidspart i arbeidet.

I løpet av året er begge årsverka knytt til interkommunal kommunepsykolog tilsett. Tenesta er fortsatt relativt ny og det er svært gledeleg å framover kunne ha fokus på drift og utvikling.

Kommunane Vinje, Fyresdal, Kviteseid, Nissedal og Seljord fekk tilskot frå Statsforvaltaren i 2022 for å etablere eit interkommunalt simuleringssenter i Vest-Telemark. Seljord kommune er vertskommune for prosjektet. Prosjektet er eit samarbeid med Akutt –og beredskapsklinikken ved STHF, og prosjektleiar er tilsett i 60 % stilling med oppstart i februar 2023.

Det er dette året etablert trivselsgruppe bestående av 20 frivillige pensjonistar. Dei organiserer og hjelper til med diverse aktivitetar, turar, arrangerer konsertar og steiker vaflar for pasientar og bebuarar på Nesbukti, Nestunet og Steinmoen.

Tenestetilbod og status i einingane

Tenestekontoret

Tenestekontoret har 2 sakshandsamarar (1,8 årsverk) og er organisert i stab under kommunalsjef. Målet for sakshandsaming og tildeling av helse- og omsorgstenester er at det skal bli tilbydd rett teneste til rett tid, og i rett omfang for personar som oppheld seg i kommunen. Kontoret deltek i bustadutvalet som sekretær.

Det er i perioden 2021/2022 vore eit interkommunalt samarbeid mellom tenestekontora i Nissedal, Fyresdal, Tokke, Kviteseid og Seljord, saman med samhandlingskoordinator. Det er utarbeida ei felles tenesteomtale/kriterier for tildeling av helse og omsorgstenester. Tenestekontora har no overteke stafettpinna sjølv, og er i gang med revidering av

vedtaksmalar etter dei nye kriteria. Dette er eit svært viktig fora for tenestekontora då vi utvekslar erfaringar, brukar kvarandre til råd og rettleiing i saker og praktiske spørsmål generelt.

Tilrettelagte tenester

Eininga har omsorgsbustadar med heildøgns omsorg og avlastingsplass til menneske med nedsett funksjonsevne. Eininga yter ambulerande tenester som avlastingstiltak i heimen til brukarar og praktisk bistand med opplæring. I tillegg drifter eininga eit aktivitetssenter. Tenesta har fagleiar for aktivitetssenteret i 80 % stilling og einingsleiar i 100 % stilling.

I 2022 blei det levert tenester til 13 brukarar. Tenesta har totalt 21 fast tilsette med ulik formal - og erfaringskompetanse, samt 4-5 lettbedne vikarar – som til dels har fylt faste vikariat over tid. Eininga har også vore så heldig å ha både helsefaglærling og student frå USN.

Det er fortsatt vanskeleg å skaffe kvalifisert personell til faste stillingar og som tilkallingsvakter. Også i 2022 har det vore brukt mykje tid og ressursar på rekruttering både med fagarbeidarutdanning og høgskuleutdanning.

Gjennom 2022 har eininga hatt fleire ulike fokus. Det er arbeid mykje med utarbeiding av nye arbeidstidsordningar og auka bruk av langvakter. Intensjonen har vore å få færre personalskifte for brukarane, færre folk i turnus og større stillingar for den enkelte tilsette, betre ressursutnytting og fleire folk på dagtid. Ny turnus blei sett i drift i starten av 2023.

Ein av våre faste tilsette har fullført helsefagarbeiderutdanninga som praksiskandidat. Vi gratulerer – og er stolte over at tilsette nytter muligheita til å tilføre både seg sjølv og kommunen auka formalkompetanse.

Tilbodet om barneavlastning er godt i støypeskjeia – og det leverast ved årsskiftet tenester til to barn. Eininga har etablert ein eigen bustad for barneavlastning. Tilsette har saman med teknisk eining lagt ned ein stor innsats for å få dette til. I løpet av 2022 er det tilsett ein med hovudfokus på utvikling av tenester til barn. Samarbeidet med skule/oppvekst er ytterligare styrka. Ein del av dei tilsette har gjort eit kompetanseløft i forhold til å lære seg «Tegn til tale». Ytterligare kompetanseløft i forhold til gruppa barn vil være naudsynt framover.

Brukarar på aktivitetssenteret har gjort ein kjempeinnsats i heile pandemiperioden, med alt frå lokal pakking av hurtigtestar til å levere ut hurtigtestar til den einskilde kommune. I starten av året stilte dei opp ein gong i veka og drifta felles varemottak i Seljord. Aktivitetssenteret kunne sommaren 2022 endelig flytte inn i «nye» Heddeli. I forkant av dette var både tilsette og brukarar aktive med i arbeidet med å sparkle, puss og male. I samarbeid med «gatekunstnaren» Rodrigo blei eine veggen gjort om til et kunstverk. Vi er både stolte og fornøyde med å vere på plass i nyoppussa lokaler.

Årets sommartur gjekk til Utne Camping og med «Allsang på Grensen» som sentral ingrediens. Takk for støtte til Dagsrudstiftelsen og private aktørar, som gjorde dette mulig ennu en gang!

Tenesta har også halde fram å samarbeide med ulike eksterne instansar og fagmiljø, som HAVO, USHT, Munikum, Velferdsteknologiprojektet, primærhelseteam.

Open omsorg

Open omsorg omfattar heimesjukepleia, heimehjelpstenesta, servicemedarbeider, Nestunet bukollektiv og dagsenter og Steinmoen bu- og servicesenter. Eininga har 50 tilsette fordela på i overkant av 33 årsverk, der det er om lag 11 sjukepleiarårsverk, 11 fagarbeidarårsverk og 11 assistentårsverk. Vi har arbeidd målretta for å få ei robust og fleksibel eining, der mange tilsette har to tilsettingsforhold i eininga og dermed kan arbeide fleire stader. Dette fører og til at dei tilsette får større stillingar.

Heimesjukepleia starta med tredela turnus hausten 2021. Vi erfarer at fleire ynskjer å bu lengre heime, og pasientane blir raskt utskrivne frå sjukehus. Dette krev god kompetanse gjennom heile døgnet. Etter evaluering av arbeidstidsordninga i mars 2022, vel vi å halde fram med tredela turnus. Fram til no har vi greidd å rekruttere fagfolk til faste, fulle stillingar i heimesjukepleia, men det er vanskar med å få tilsette i deltidstillingar, vikariat og som tilkallingsvikarar. Utan det gode samarbeidet mellom heimesjukepleia og heimehjelpstenesta hadde vi ikkje hatt nok vikarar. Hausten 2022 hadde vi tre vakante stillingar. No har vi fått rekruttera ein sjukepleiar og 2 helsefagarbeiderar som startar i januar 2023. Vi har og ein sjukepleiarstudent som har tatt i mot stipend under utdanning med 2 års bindingstid. I tillegg har 2 av assistentane våre starta på VG3 hausten 2022, og skal opp til fagprøve hausten 2023. Rekruttering må ha høg prioritet i åra framover.

Vi opplever at heimetenesta får mange multisjuka og krevjande pasientar. Som leiar blir ein i skvis mellom dei tilsette si vurdering av om det er rett og forsvarleg at desse pasientane skal bu heime, og samfunnets fokus på at alle skal bu heime lengst mogeleg. Er dette det beste for alle? Dette krev tid til etisk refleksjon, rettleiing og det har vore auka behov for vurdering av samtykkekompetanse hjå heimebuande. Dette er det viktig å sette av tid til, både for å sikre at pasientane får fagleg forsvarleg omsorg og for å behalde flinke fagfolk. Vi ser at det eine rommet på sjukeheimen som blir bruka til avlastning, har svært god effekt. Det tek vare på pårørende og det fører til at 4 pasientar kan bu lengre i eigen heim.

Fagleg i år har vi hatt auka fokus på ernæring, vi har fått på plass ei gruppe som arbeider saman i forhold til velferdsteknologi og kontaktsjukepleiarane for kreftomsorg har planlagt undervisning i lindrande behandling og jobba med eit prosjekt som heiter «Pakkeforløp hjem». Dette er eit tilbod om oppfølging til alle pasientar i kommunen som får ei kreftdiagnose. Heile eininga har jobba med «Gode pasientforløp» der vi har eit godt samarbeid med Notodden sjukehus. Vi har 12 tilsette som held fram med «Demensomsorgens ABC», og er ferdige våren 2023. Frå februar 2022 har vi hatt ein tilsett som jobbar 10 % i hukommelsesteam og ein tilsett som jobbar 10 % som hjelpemiddelansvarleg. Hørselskontakten vår held fram samarbeidet med ambulerande audiograf, noko som er eit godt tilbod til innbyggjarane våre.

Nestunet bukollektiv og Steinmoen bu- og servicesenter har hatt fullt belegg mest heile året. Bebuargruppene har fungera bra, og det har vore mindre press på sjukeheimen slik at pasientane stort sett har vore på rett omsorgsnivå.

På begge sentra har det vore vakante stillingar i 2022 på grunn av permisjonar og sjukdom, desse stillingane er vanskelege å dekke opp med vikarar. No har dette løyst seg på Nestunet

ved at vi har gått frå kvilande til aktive vakter på natt frå og med 2023. Det har ikkje vore utlyste stillingar, men dei fast tilsette har fått auka stillingane sine og startar i ny turnus 01.02.23. På Steinmoen lyser vi ut stillingar i starten av 2023. På begge sentra er det mange ufaglærte. Alle nye stillingar blir utlyste som helsefagarbeidarar, og ein prøvar å stimulere fast tilsette assistentar til å ta fagprøve. Dette er naudsynt då bebruarane på sentra stadig blir meir pleietrengande. Nestunet er eit nytt og funksjonelt bygg, og på Steinmoen har det og skjedd forbetringar i 2022. Romma har blitt måla, nokre rom har fått nye kjøkkenløysingar, det blir montera 3 varmpumper, det har blitt innkjøpt 4 nye lenestolar og det kjem vifter på alle bad.

Nestunet dagsenter har starta opp ein dag med ambulerande tilbod, der dei tilsette reiser heim til pasientar med kognitiv svikt. Dette er pasientar som av ulike grunnar ikkje kan nytte eit ordinært dagsentertilbod. Vi ser at vi må opne opp for fleire eldre enn bare demente. Det å førebygge isolasjon hjå eldre er viktig for at pasientar skal kunne bu heime.

Det har vore lærlingar, sjukepleiarstudentar og mange elevar fleire stader i eininga, noko som er viktig for rekruttering og på same tid gjev inspirasjon til fast tilsette. Satsingsområde framover vil mellom anna vera demens, rehabilitering, velferdsteknologi og lindrande behandling.

Institusjon

Nesbukti pleie og omsorgssenter har 31 sengeplassar, der 27 av desse er langtidsplassar, fordela på somatisk og avdeling for demente, 1 kommunal akutt døgnplass (KAD) og 3 korttidsplassar. Det er totalt knytt 33,99 årsverk til eininga. Institusjon har jamt over eit belegg med høg pleietyngde. IPLOS registrering for 2022 viser at 16 av 27 langtidspatientar har ei pleietyngde på 4,5 av 5, noko som inneber at dei har eit omfattande pleiebehov. Høg pleietyngde seier også noko om ressursbehovet.

I 2022 vart det leigd kunn 4 liggedøgn i annan kommune. I tillegg har kommunen leigd ut 17 liggedøgn til annan kommune. Det er kjøpt 49 overliggardøgn på sjukehus i 2022. Dette viser at vi har hatt rett fokus med kortare og presise opphald og har klara å ha god sirkulasjon på plassane. Ein medverkande årsak til at vi ikkje har hatt overliggardøgn på sjukehus er fordi vi har hatt ledig kapasitet på langtidsavdelingane og har tatt imot pasientar på korttidsopphald på langtidsplassar.

Institusjonen får stadig fleire og meir krevjande oppgåver for å avlaste sjukehusa, noko som krev god sjukepleiardekning, høg fagkompetanse og behov for spisskompetanse på ulike felt. Med åra vil det bli fleire eldre og færre yrkesaktive til å ta seg av de eldre. Ein merkar allereie no eit høgt arbeidspress og til tider svært belastande og krevjande arbeidsforhold.

Det jobbast godt med rehabilitering på korttidsavdelinga. Det har i 2022 også vore vanskeleg å få til eit godt tilbod om rehabilitering i institusjon då kommunen har for få plassar til disposisjon. For å få til eit tilfredstillande tilbod er det naudsynt å auke kapasiteten på korttidsplassar og rehabiliteringsplassar i institusjon. Bemanning på korttidsavdelinga har vore uendra sidan oppstart i 2019. Arbeid med rehabilitering og pasientar på

korttidsavdelinga krev ei tettare oppfølging og administrasjon i form av inkomstsamtaler, målsamtaler og meir systematisk kartlegging, noko som krev tid og ressursar. I budsjett for 2023 blei det vedtatt å auke kapasiteten frå 3 til 5 plassar på korttidsavdelinga ved å gjera om 2 langtidsplassar til korttidsplassar og med eit auke på 1,42 årsverk helsefagarbeidar.

I 2022 fekk vi 10 % auke med årsverk som vart øymerka hukommelsesteam slik at arbeid med personar med demens og oppfølging av pårørande kunne systematiserast betre. Dette er ei forbetring, men då vi veit at talet på personar med demens vil auke vil det vera naudsynt med ei ytterlegare auke for ivareta denne pasientgruppa på mest mogleg måte.

Det er jobba mykje med rekruttering og behaldning av sjukepleiarkompetanse på Nesbukti i 2022. Nesbukti har hatt store vanskar med å rekruttere til faste 100 % sjukepleiarstillingar. Mange stillingar har derfor vore vakante og er dekt opp med ufaglærte i vikariat og som sporadiske ekstravakter. Ved årslutt 2021 mangla Nesbukti 4,72 årsverk sjukepleiar. Særleg på natt har det vore eit stort fråvær av sjukepleiarkompetanse. Vi har løyst dette ved å ha sjukepleiar på bakvakt på natt med ein kompensasjon på kr. 1000,- per bakvakt. Det har også vore nytta sjukepleiar frå vikarbyrå frå februar til mai 2022. I mars 2022 vart det tilsett sjukepleiar i 100 % stilling på natt og innført 3-delt turnus for sjukepleiarar i resterande stillingsprosent for å dekke alle vakter med rett kompetanse. I løpet av sommaren og hausten 2022 har vi klara å tilsett ytterlegare 2 sjukepleiarar i 100 % stilling og 1 vernepleiar i 100 % stilling.

Det har foreløpig vore lett å rekruttere til ledige faste helsefagarbeidarstillingar, men det viser seg nå at dette også er ei gruppe det er vanskeleg å rekruttere til, spesielt i stillingar under 75 %. Det er også vanskeleg å rekruttere til ledige helgestillingar og vikarar.

Rekruttering av kvalifisert fagpersonell vil bli ein viktig jobb i tida framover for å oppretthalde, behalde og utvikle god fagkompetanse. Løn, moglegheit for kompetanseutvikling og arbeidsmiljø er faktorar som blir viktige i ein rekrutteringsprosess.

2022 var frivillighetens år. Vi har lykkast i å få til eit godt samarbeid med frivillige. Trivselsgruppa vart etablert i mars 2022 og er ei frivillig støttegruppe/venegruppe bestående av 20 frivillige pensjonistar. Trivselsgruppa er ei sjølvstendig gruppe, knytt til frivilligsentralen. Dei er med å planlegge og organiserer aktivitetar for pasientar og bebuarar på Nesbukti og bufellesskapa i Seljord kommune, og er til stor glede for pasientar og brukarar.

[Produksjonskjøkkenet](#)

Produksjonskjøkkenet i Seljord kommune ligg på Dyrskuplassen. 2 kokkar, med totalt 1,6 årsverk, er tilsett i Seljord kommune. 0,8 årsverk av desse er kjøkkensjef. Dei har ansvar for å produsere varm mat som vert levera ut til pasientar på ulike tenestnivå i helse og omsorg. Produksjonen er basert på ein 6 vekers meny der dei forskjellige plassane kan komme med innspel på rettar. Produksjonskjøkkenet bestiller varer frå Tine, Bama, Service grossistane, Nortura og Gilde.

I 2022 vart det forhandla fram ny avtale på leige av produksjonskjøkken mellom Seljord kommune og Dyrsku'n arrangement. Leigeavtala er nå for 5 år og løper frå 1.januar 2022 – 31.desember 2026 med gjensidig oppseiingsfrist på 12 månadar. Utleigar og leigetakar, ved leiar Dyrsku'n og Rådmann/kommunalsjef Seljord kommune, skal avtale møte 2 gonger i året for å gå gjennom status drift.

Helseavdelinga


Einingsleiar gjennom mange år fråtredde stillinga si ved årsskiftet grunna pensjonsalder, og ny einingsleiar er på plass.

Legekontor/legevakt

2022 blei året der pandemien slapp meir taket og tiltak i forhold til vaksiner og smittevernrutinar blei implementert i vanleg drift. Festivalane i Seljord har kome tilbake noko som stiller store krav til tenestene våre dei vekene det står på.

Talet på personar som ynskjer fastlege i Seljord aukar. Det er no vel 4000 personar på fastlegelistene til våre 6 fast tilsette legar. Dette er over 1000 fleire listepasientar enn det er innbyggjarar i kommunen. Nesten 200 personar står på venteliste for fastlege ved Seljord helsesenter. Dette heng saman med at det vert levert kvalitativt gode og stabile legetenester i kommunen vår. Frå hausten av har det vore behov for å leige inn legevikarar. Det blei orientert til politisk nivå at det kunne bli behov for bruk av vikarbyrå i 2023 dersom ein ikkje lukkast med rekruttering av fastlønsvikarar, då tre av seks fastlegar kjem til å ha svangeskapspermisjon delar av året.

Høg arbeidsbelastning under pandemien, saman med ein auka straum av pasientar som ynskjer fastlege i Seljord, har gjort at helseavdelinga har hatt eit stort arbeidspress over tid. Den generelle utviklinga med fleire eldre som har eit stort og samansett hjelpebehov og høg arbeidsbelastning på fastlegetenesta har gjort det naudsynt å auke ressursane på legekontoret. Eit politisk vedtak førte til auka ressursar i form av ein ny legeheimel og ein ny sjukepleiarstilling. Dette gjorde at listetaket blei regulert noko ned på alle fastlegane for å redusere noko av arbeidsbelastninga.




Helsestasjon og skulehelsetenesta

Helsestasjon og skulehelsetenesta har til saman 2,7 årsverk helsesjukepleiar. Av dette er 0,7 årsverk prosjektmidlar som varer ut 2023. Prosjektstillinga vert nytta til ungdomsskulen, folkehøgskulen og ein del overfor barn og unge 0-5 år. Ressursen blir og nytta til foreldrerettlegg. Ressursen bidreg og til at det tverrfagelege samarbeidet har auka, slik som barne- og ungdomsteamet, SLT og med barnehagane. Det er knytt jordmor, lege og fysioterapeut til helsestasjonen. Det er høg kompetanse i tenesta då fleire har vidareutdanningar i tillegg til helsesjukepleiarkompetanse.

Helsestasjon og skulehelsetenesta bidrog i stor grad med kompetanse og ressursar under koronapandemien, men dette trykket har nå minka. Nå har i staden auka flyktingstraum grunna krigen i Ukraina ført til auka press på tenesta. Dette handlar både om mottak av flyktingfamiliar, men og om oppfølging av barn med særskilte behov. Helsesjukepleiarane har også utført den første helseundersøkingane av vaksne flykningar, for legane.

Under pandemien var det færre som tok kontakt med helsestasjonen. Etter pandemien har ein jobba med å nå ut til alle med tenesta. Ein har sett at når helsesjukepleiar er meir tilgjengeleg på skulane, så blir tenesta meir bruka. Erfaringa er at behovet er der ute, og når tenesta blir meir synleg på skulen, så aukar bruken.

Tabellen under viser netto driftsutgifter til funksjon 232 Forebygging, skole- og helsestasjonstjeneste og omfattar driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som blant anna øyremerka tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trukket frå. De resterande utgiftene må dekkast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten med vidare, og indikatoren viser dermed prioritering av disse inntektene til førebygging, helsestasjons- og skulehelsetjeneste.



Psykisk helse og rus

Psykisk helse og rus har 5,65 årsverk medrekna fagleiar i full stilling. Avdelinga tek imot innbyggjarar som treng behandling i forhold til lettare psykiske lidingar, men og oppfølging over tid av nokon med tyngre psykiske lidingar. I tillegg fylgjer tenesta opp menneske med rusproblem, knytt til alkohol, legemiddel og andre narkotiske stoff. Tilbodet vert gjeve som samtalar på kontor, oppfølging i heimen, eller organisert i gruppe. Tenesta arrangerer sosiale treff og ansvarsgrupper.

SLT-koordinator er knytt til avdelinga, noko som er nyttig for å få ein felles problemforståing når ein jobbar med rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak.

Etter Stortingets vedtak om at alle kommunar pliktar å ha ein «Rådgivende enhet for russaker» har avdelinga fått tillagt denne funksjonen. Rådgivende enhet for russaker skal ta imot personar som blir gjeve oppmøteplikt som vilkår for betinga påtaleunnlating i saker som handlar om bruk og innehaving av narkotika. Ein skal gje råd, rettleiing og tilbod om nødvendige helse og omsorgstenester, samt formidle ulike oppfølgingstilbod frå NAV. Det står att å sjå kor mykje dette tilbodet blir nytta i tida som kjem.

Fagleiar i psykisk helse og rus har slutta i stillinga si då ho nådde pensjonsalder, og i løpet av hausten blei det tilsett ny fagleiar. I tillegg har avdelinga flytt frå Moentunet til meir funksjonelle og større lokale i «Nye» Heddeli. Her skal avdelinga dele hus med blant anna teneste for funksjonshemma.

Fysioterapitenesta

Kommunen har to kommunalt tilsette fysioterapeutar og driftsavtale med ein privat, til saman 3 årsverk. Ved inngangen til 2022 hadde avdelinga ein ergoterapeut i 20 % stilling, men denne stillinga er no dessverre ledig. Det er høg kompetanse i tenesta, tilsette har i tillegg til grunnutdanning, spesialisering i manuell terapi, psykodynamisk fysioterapi, barnefysioterapi og idrettsvitenskap. Ein tilsett er nå i eit utdanningsløp til master i barnefysioterapi.

Frisklivsentralen er knytt til avdelinga med 0,6 årsverk. Her jobbar ein i hovudsak førebyggande og mykje av dette er i grupper. Ein ser at førebyggande arbeid kan utsette eller avgrense det framtidige behovet hjå befolkninga, noko som er svært viktig i ei tid der tenestene blir satt i strekk grunna eldrebølga.

Avdelinga får stadig fleire oppgåver og fleire pasientar. Nyopererte pasientar kjem raskare heim frå sjukehus og treng rehabilitering. Det er utfordringar med at fleire blir eldre og skal ha oppfølging anten i heimen, i institusjon eller inne på institutt. Det vert og fleire menneske med psykiske utfordringar som ofte kan ha god hjelp av fysioterapi. Dette er ressurskrevjande for avdelinga. Behovet innan skule og barnehage er også stort, og tenesta har eit stort press slik det er no. Dette er bakgrunnen for at det i budsjettet for 2023 låg ynskje om auka ressurs til turnusfysioterapeut.

Rekneskap

Ansvar	Rekneskap	Justert budsjett	Avvik kr	Avvik %
Fellestenester kommunalsjef	1 693 772	1 889 206	195 434	10,3 %
Barneverntenester	5 915 405	6 104 919	189 514	3,1 %
<i>Eining:</i> Helseavdeling	15 799 267	17 265 975	1 466 709	8,5 %
<i>Eining:</i> Open omsorg	25 581 861	28 108 309	2 526 448	9,0 %
<i>Eining:</i> Teneste for funksjonshemma	10 399 769	11 502 021	1 102 253	9,6 %
<i>Eining:</i> Institusjon	32 592 540	32 729 674	137 134	0,4 %
Helse og omsorg	91 982 613	97 600 104	5 617 491	5,8 %

Netto drifts- og finansutgifter for 2022 viser eit mindreforbruk på omlag kr 5,6 mill. Tenesteområdet har ikkje lukkast i målet om økonomisk balanse. Det er kun eining for institusjon som er nærme ei balanse ved utgangen av året, medan tilrettelagte tenester, open omsorg, helseavdelinga og fellestenester helse og omsorg har mindreforbruk. Det speglar ikkje den høge aktiviteten innanfor tenesteområdet. Det er difor vanskeleg å vise til eit stort mindreforbruk når tenesta er så strekt, tilsette kjenner på travle dagar og drifta er høg heile året.

På eininga tilrettelagte tenester skyldast mindreforbruk refusjon av sjukeløn, foreldrepenngar, og feriepenngar av desse, som til saman utgjorde om lag 800 000 kroner. Det er kome inn grunna tidvis høgt sjukefråvær og tilsette i svangerskapspermisjon. Det er ikkje samsvar mellom faktisk sjukefråvær og tilgang på vikarar å sette inn ved sjukdom og liknande. Tenesta fekk i tillegg 300 000 kroner meir i refusjon på ressurskrevjande tenester enn opphavelag budsjettet. Gjennomgåande bruk er 90,4 % av opphavelag budsjett.

Open omsorg sitt mindreforbruk er i hovudsak lønsrelatert med mindreforbruk på netto lønn 2 100 000 kroner. Forbruk i faste stillingsheimlar hamna til slutt på 94,45 %. Årsaka er mellom anna at 3 vakante stillingar har vore ledige på hausten i rekrutteringsfase og at det er rekruttert kompetanse inn i stillingar som genererer lågare løn enn det som ligg i budsjett og at dei til dels har stått ledige. Dette gjeld for Steinmoen, Nestunet, men spesielt store utslag for heimetenestene. Refusjon på sjukeløn spelar også inn, dette er det ikkje budsjettet for. Ein kan sjå at det er overforbruk på vel 400 000 kroner på overtidsbruk, som vil sei at det er dei fast tilsette som går inn og dekker ein del vakant. Det ligg vel 100 000 kroner i kompetansetilskot frå Statsforvaltar som ikkje er bruka opp. I pandemien blei tilbodet ved Nestunet dagsenter stengd i periodar. Det har tatt tid å få dette opp igjen, og delar av året har ressursar frå dagsenteret vore bruka inn i heimetenestene si drift. Det har ført til eit mindre behov for vikarar ved fråvær. Gjennomgåande bruk er totalt 91 % av opphavelag budsjett.

På eininga Helseavdelinga er det legetenester som gjer størst utslag i mindreforbruket. Det blei tilført ein ny legeheimel som ikkje det blei tilsett i før mars. Fleire av legane har reduserte stillingar med uløna permisjon av ulike årsaker. Det er vore vakante sjukepleiarstillingar i rekrutteringsperiodar i delar av året. Dette fører med seg mindre forbruk av arbeidsgjevaravgift og pensjonspremie KLP. Drifta viser at det har vore ei høgare aktivitet enn opphavelig budsjettert med høgare refusjon frå staten på pasientbetalingar og fastlønstilskot. Det er kome meir inn på gjesteinnbyggartilskot og frå betaling frå Kviteseid kommune ved sommaravviklinga. I 2022 fekk Seljord kommune vel 600 000 kroner i ALIS tilskot. Då dette tilskotet var nytt frå 2022 var det ein ekstra inntekt som vi ikkje kunne vite på førehand. Gjennomgåande bruk er totalt 91,5 % av opphavelig budsjett.

Eininga institusjon har eit budsjett i balanse ved utgangen av året. På hausten auka vi grunnbemanninga i ein periode med meir mellombelse stillingar enn det låg i ramma. Det var nødvendig med strakstiltak etter sterke signal frå tilsette om slitsame vakter med høg arbeidsbelastning og høgt sjukefråvær.

I fellestenestene ligg psykologtenesta. Dette året har det i seks månader ikkje vore brukt lønsmidlar grunna permisjon utan løn og vakant stilling. Det var berre i fire månader at begge stillingane var dekt.

Barneeventenesten har vore stabil utan enkeltsaker som har ført til utslag på rekneskapet.

Oppsummert visar dette at vi ikkje klarar å få rett kompetanse inn i stillingar, slit med å rekruttere, har turnover og fleire stillingar er vakante delar av året. Det har tidvis vore høgt sjukefråvær som gjer mykje refusjon, men vi klarar ikkje bruke tilsvarande på å dekke opp med vikarar. Tilsette slit seg ut og går underbemanna i forhold til aktivitet. Det er grunn til stor bekymring når det gjeld mangel på rett kompetanse til rett tid på rett plass. Vi har ein stor endringsjobb som ligg føre oss, ved å sjå på oppgaveskyvning og arbeidstidsordningar. Vi må være optimistiske og jobbe med alle løysningsdimensjonane som er tilgjengeleg i dag, samtidig som vi jaktar på nye varige løysingar. Det viktigaste må vere å kunne rapportere, så tidleg som mogleg, eit potensielt overforbruk.

8 Samfunnsutvikling og drift

Organisering



Tenesteområdet har ansvar for ei rekke ulike oppgaver og er organisert med ein kommunalsjef som har det overordna ansvaret. Organisasjonskartet viser oppgåvene som ligg til tenesteområdet.

Måloppnåing, utvikling og utfordringar

I kommuneplanen sin samfunnsdel ligg desse strategiske måla for tenesteområdet:

- Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år
- Seljord skal vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til, slik at det blir 100 ekstra tilflyttarar fram til 2030
- Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, ein positiv pådrivar for næringsutvikling og auka regional satsing og samarbeid
- Seljord skal leggje til rette for meningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle
- Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen
- Seljord skal syte for ein arealbruk med høg arealeffektivitet innanfor tettstadsgrensa
- Seljord skal auke kunnskapen om klima- og miljøutfordringar og finne moglege løysingar

- Seljord skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebyggje kriser og uynskte hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uynskte hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.
- Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområde
- Seljord skal vera kjent som ei grøn og berekraftig arrangementsbygd.

Tenestetilbod og status

Kultur

Året 2022 var prega av ein etterpandemi i ein periode der alt skulle opnast opp og alle kulturaktivitetar skulle restarte etter nær to år med restriksjonar. Det var godt å komme i gang att med alt frå kulturtreff på Granvin, kulturhus, øvingar saman, festivalar og Dyrsku'n.

Det blei løyvd kroner 449 000 i tilskot til 35 lag og foreiningar. Av dette var kroner 80 000 til aktivitetstilbod for born og unge, 97 000 til idrettslaga og Skorve karate, kroner 141 000 til andre kulturaktivitetar for vaksne, til grendelag og velforeiningar og kroner 55 000 til 17.mai-komiteane. Frå det kommunale næringsfondet/kraft vart det løyvd kroner 76 000 til løypekjøring, det var ein ny aktør som fekk støtte til løypekjøring i år, det var Gjevarvatnet vel som fekk kroner 8 000.

17. mai-feiringa i tradisjonell form var igjen mogleg. I Åmotsdal var det markering i noko endra form og i Flatdal blei det ikkje arrangert kveldsprogram.

Sparebankstiftinga Seljord og Seljord kommune delte ut kulturpris til Hans Inge Hagen for stor innsats med frivillig arbeid i mellom anna Seljord idrettslag, Seljord turlag og Sogelag. Ungdommens kulturstipend blei ikkje delt ut i år.

Seljord seniordans, Seljord songlag og Seljord og Kviteseid leikarring fekk støtte til lokaleige på Granvin kulturhus, jamfør Lov om vaksenopplæring.

Kommunen gjev faste tilskot til Granvin kulturhus, Seljord kunstforeining og Seljord frivilligsentral, Åmotsdal Grendehus, Seljord Hage og Videoarkivet.

For å sikre offentleg tilgang til friluftsområde sommar og vinter er det inngått åtte langsiktige avtaler om tilgang, parkering og snørydding.

Kommunen fekk omlag kroner 18 800 frå fylkeskommunen til Den kulturelle spaserstokken for å stimulere til gode kulturopplevingar for eldre i kommunen. Desse midlane blir brukt i samarbeid med Nesbukti pleie- og omsorgssenter og andre aktørar i kommunen.

I samarbeid med Seljord idrettsråd vart Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2022 rullert i januar og seinare vedteken av formannskapet.

Seljord kommune fekk åtte søknadar om spelemidlar til ordinære anlegg og to søknader til nærmiljøanlegg i 2022. Alle søknadene blei godkjent av kommunen og blei prioritert slik:

Ordinære anlegg:

1. Åmotsdal idrettslag, Åmotsdal turveg del 1	1.720.000	Gjenteke
2. Seljord kommune, Skilting turvegar Flatdal	300.000	Fornya
3. Seljord turlag, Djupsåi turbru	75.000	Fornya
4. Seljord idrettslag, Raudkleiv, Skileikanlegg, Heishus/ varmestove	550.000	Ny
5. Seljord idrettslag, Raudkleiv vinteranlegg, Teknisk areal Skiskytter/ HC	600.000	Ny
6. Seljord idrettslag, Raudkleiv vinteranlegg, Utviding av skiskytterbane	1.002.000	Ny
7. Seljord idrettslag, Raudkleiv vinteranlegg, Utviding av rullerløype	216.000	Ny
8. Flatdal idrettsanlegg, Lysløype, ny bru		

Nærmiljøanlegg:

1. Flatdal bygdeutviklingslag, Flatsjø Friluftsliv/ aktivitet område	135.000	Ny
2. Flatdal bygdeutviklingslag, Humleneset turstig	300.000	Ny

Ungdomsklubben Kaktus er lokalisert i kjellaren til gamle Colibri på Fjellheimtomta. Dette er blitt ein populær møteplass for ein del av ungdomen. Einskilde temakvelder har hatt svært godt besøk (nesten 100 unge), der ein del kjem frå andre kommunar.

Symjehallen hadde nokre covid-restriksjonar i januar. Fritidsbadinga for alle er nå på fredagskveldane og laurdagane. Det oppstod driftsstans i ventilasjonsanlegget i jola 2021. Dette 41 år gamle ventilasjonsanlegget viste seg å vera så dårleg etter mange år i eit fuktig og klora miljø, og det blei difor vedteke å investere i nytt ventilasjonsaggregat og ventilasjonsanlegg. Det blei dessverre forseinkingar på deleleveransane for det nye anlegget, så symjehallen var ikkje open i haustsesongen i 2022.

Kommunen fekk kroner 110 000 av Vestfold og Telemark fylkeskommune for å planleggje og forbetre diverse turvegar for sykkel og gange. Av desse pengane er noko brukt til å rydde og leggje om stigar/snarvegar i nærleiken av bustadområda i Seljord.

Flatdal bygdeutviklingslag, saman med kommunen, har etablert eit prosjekt kalla Naturlab. Naturlaben byggast for skuleungdom og er i området Øyan i Flatdal ved Flatsjø der Flatdalsåi renn ut. Anlegget vil bestå av stigar og objekt som syner forskjelleg landskap og element i denne lauvskogen. Det skal byggjast ein gapahuk og installasjonar med utstyr som kan brukas til å "forske". Det er ynskjeleg å få bygd eit toalett i ei av dei gamle løene, samt bygge om ei løe på Humleneset til skulerom. Det er allereie bygd ei tråkkesteinbru over Flatdalsåi, som gjer det mogleg å gå over til Humleneset når det ikkje er høgt vatn. Eit samrøystes kommunestyre stilte seg bak å søke om statleg sikring av området på Øyane. Ein statleg sikring vil ved sida av å sikre området for denne bruken i mange år, også gje moglegheit til å finansiere fleire av dei planlagde tiltaka. Prosjektet finansierast av midlar Flatdal bygdeutvikling har igjen etter turvegprosjekt i med prosjekt Opplevingsvegen. Seljord kommunens del i prosjektet er samarbeidet er gjennom prosjektleiing og konsulentbistand frå Opplevingsvegen samt at det er søkt om spelemidlar og støtte frå gåvestiftingar.

Seljord bibliotek

Totalt utlån i 2022 var 17 485. Dette er ei auke frå 2021. I tillegg kjem digitale utlån av e-bøker, e-lydbøker og film på totalt 2 487. Dette er ein stor auke i det digitale utlånet frå 2021. Totalt registrerte besøk innanfor ordinær opningstid på biblioteket er 10 644. Dette er ein reduksjon på 12 % frå året før. Ein såg at besøkstala var låge før og etter sommarferien, før det tok seg opp at mot hausten. Vidare har hovudbiblioteket registrert 73 besøkande via meirope bibliotek, altså besøk etter bibliotekets bemanna opningstid og innanfor Granvins opningstid.

Prosjektet *Bok på bui* i Flatdal kom i gang i 2021 og har halde fram i 2022 med jamlege utskiftingar av bøker. Prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket, Flatdal bygdeutviklingslag og Joker i tillegg til eigenfinansiering i form av innkjøp og arbeid. Det er eit aktivt utlån ved minibiblioteket, men det noverande biblioteksystemet syner ikkje kor mykje dette utgjer av det totale utlånet. Publikum og leiinga på Joker Flatdal melder jamleg tilbake om at dei er nøgde med tilbodet.

I 2022 har biblioteket gjennomført 12 arrangement, der 6 av desse var tilpassa barn. Totalt har arrangementa hatt 336 deltakarar. Av desse var det ein serie med høgtlesing og julekalenderopning alle kvardagar i desember fram til skuleferien starta. Vidare har vi hatt utstilling av vikingutstyr og biletkunst i samarbeid med Anders Kvåle Rue. Biblioteket har samarbeid med lokale foreiningar om fleire av arrangementa, mellom anna Seljord husflidslag, Seljord husflidslag, Seljord sogelag og Seljord mållag.

Næring

Etter koronapandemien med lite besøkande og låg aktivitet i Seljord, var 2022 prega av at mykje større aktivitet og besøk gjennom året. Reiselivet fekk ein bra sommar, og det var viktig at festivalar og Dyrsku'n igjen lot seg gjennomføre, noko som gjorde at mange i næringslivet gjekk bra igjen. Men svært høge prisar på straum og drivstoff har gitt mykje av næringslivet i kommunen svært store utfordringar. Staten har opna ein ordning for støtte for høge straumprisar, men denne ordninga var ikkje spesielt treffande for dei næringsdrivande i distrikta. Dei fleste serverings- og overnattingsbedriftene som måtte stenge i desember 2021, midt i høgsesongen med jolebord, fekk av staten ein ekstra kompensasjon på kroner 452 000,- som blei fordelt gjennom kommunen.

Prosjektet med vegar og VA til Seljord Næringspark og Telemark Transportsentral blei i hovudsak avslutta i 2022. Dette arbeidet er regulert gjennom utbyggingsavtala mellom Seljord kommune, Telemark bilruiter AS, Bergene Holm Eiendom AS og Stiftinga Seljord utstillinga Dyrsku'n. Dei nye kommunale vegane Industrivegen (Nordbygdivegen – E134) og Dyrskuvegen (Industrivegen – Dyrskuplassen) var klare til Dyrsku'n og blei mykje bruka. Dette gav vesentleg mindre trafikk av storbil gjennom sentrum og dei store bilar fekk ein mykje betre veg inn på plassen. Dei avtalemessige forholda mellom partane og noko tilleggsarbeid er dessverre ikkje avslutta i 2022.

Seljord Næringspark

Monter Seljord, Dyrud Elektro AS, Slåtto Rør AS og Autostrada er nå etablert i Næringsparken. Seljord varmehandel AS og Autostrada Seljord har starta opp bygging av nye lokalar.

Telemark Transportsentral

Telemark bilruter AS har flytta inn i sine nye lokalar vest for Seljord og arbeidar aktivt med å utvikle nye konsept, spesielt innan gods, transport og drift av storbil.

Århusmoen industriområde

Dette området er nå regulert for handel på eit 3 000 m² forretning og det er fleire ledige areal tilgjengeleg i området.

Breiband

Kommunen har engasjert Vest-Telemark kraftlag AS for å byggje ut breiband/ fiber til alle som ynskjer det av næringsdrivande og fastbuande i dei områda som er definerte som ikkje-kommersielle for utbygging i heile kommune. VTK er nå ferdig med oppdraget og prosjektet er avslutta. Alle næringsdrivande og fastbuande i kommunen skal nå ha moglegheit til å få installert breiband/ fiber.

Prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim

Prosjektet Opplevingsvegen om Nutheim er nå formelt avslutta, sjølv om ikkje alle tiltaka er ferdige. Prosjekteigarane Seljord kommune og Hjartdal kommune i samarbeid med fylkeskommunen og Statens Vegvesen har gjennom prosjektet utvikla veggen/området langs tidlegare E134 mellom Århus og Gvammen til Sogevegen. Sogevegen er blitt ein riktig god opplevingsveg for syklande, gåande og andre vegfarande med tilbod om mange gode tur- og kunstopplevingar. Opplevingsvegen har og teke inn ein del om det mystiske i området. Tiltak som gjenstår er ein turvegbru i Håkkedalen, (Flatdal), slutføring av kunstbokprosjekt, noko skilting og etterarbeid. I Flatdal heldar prosjektet fram i eit nytt prosjekt Naturlab.

Bygdevert

Prosjekt Bygdevert er etablert i samarbeid med Møtestad Seljord AS og Seljord Næringslag. Det er Møtestad Seljord som er vertskap for ordninga. Prosjektet er finansiert av Seljord kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Møtestad Seljord og Næringslaget/næringslivet. bygdeutviklar er engasjert i eit to-års engasjement og ho starta i jobben i januar.

Kommunalt næringsfond/ kraftfond

kr 2.476.000 Det Kommunale næringsfond/Kraftfond var i 2022 konsesjonsavgift (2.194.000) og netto overføringar frå 2021 kr 282.000 .

Kr – 1.040.000 Det var internt avsetjingar låneavdrag 212.000 landbruksføremål 200.000, planarbeid 200.000 og del løn næringsjef 428 000.

kr - 742.000 Det vart også i budsjettet avsett til eksterne kostnader/avsetjing til Møttestad Seljord 488.000, Telemarksvegen 30.000, VisitTelemark 145.000, marknadsføring/ informasjonstavler kr 57. 000.

kr - 694.000 Frie disponible midlar for 2022, inkl. ubrukte midlar frå 2022.

Kommunen ble tildelt kroner 452 000 frå staten som kompensasjonsrunde 6 kompensasjon for tapte inntekter korona stenging november desember 2021. Enkeltløyvingane vart fordelte slik:

Løyving	Kommunalt næringsfond/ kraftfond	Kompensasjonsrunde nr 6
Seljord Hotell As		68 000
Lien Fjellgard AS		102 000
Aarnesgruppen AS		132 000
Wassanas Thaimat AS		22 000
Nutheim Gjestgiveri AS		47 000
Uppigard Natadal		28 000
Åmotsdalsbui AS – kompetanseheving	20 000	
Magnus Rinde Hytteutviklar – etablerarstøtte	25 000	
Izi Trend – bedriftsutvikling	45 000	
Løypekjøring - tilrettelegging for friluftsliv	90 000	
Bugerø Økogard - bedriftsutvikling	60 000	
Bedriftsnettverket Mytiske Telemark	50 000	
Forstudie Sjøormprosjekt	100 000	
Sum løyvingar 2021	465 000	452 000

Natur og miljø

Seljord kommune deltek både i arbeidsgruppa og styringsgruppa i Midtre Telemark vassområde som høyrer innunder vassregion Vestfold og Telemark. Arbeidet skal sikre at vatnet i vassområdet skal få betre miljøkvalitet i åra framover, og arbeidet følgjer vedteken handlingsplan. Det er planlagt eit lite prosjekt for Vest-Telemark med fokus på avløp i 2023 med bakgrunn i regional plan for vassforvaltning, heilskapleg tiltaksplan for ein ren og rik Oslofjord og nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltingsplanane.

I løpet av året 2022 vart det gjeve 8 nye og fornya dispensasjonar for motorferdsel i utmark (snøscooter) etter § 5 i forskrifta. Det vart ikkje gjeve andre dispensasjonar for motorferdsel i utmark og vassdrag i 2022. Vinteren 2022 var det totalt 16 gyldige løyve for leigekjøring/transportløyve etter § 5a) i forskrifta. I Seljord var det totalt 131 gyldige dispensasjonar etter § 5 b) funksjonshemma, c) hytte, d) utmarksnæring og e) vedløyve i forskrifta. Det har vore vanleg å gje 4-årige dispensasjonar. Sist periode var 2016-2020. Alle

snøscooterløyve gjekk ut i 2020. Ny søknadsperiode vart innført med 5-årige løyve frå 2021-2025.

56 hjortar vart felt i Seljord i 2022. Det er over ei fem-dobling dei siste 10 åra. Det vart felt 87 elgar i kommunen i fjor. Fellingsprosent var 64 for hjort og 68 for elg. Alle opplysningar og statistikkar ligg opne for alle på www.hjorteviltregisteret.no.

I 2022 vart det meldt inn 43 påkøyrslar av hjortevilt i Seljord. Av desse var det 15 rådyr og 3 elg som anten døydde ved påkøyring eller som vart avliva ved ettersøk. Det er framleis forbod mot å legge ut fôr og slikkesteinar til ville hjortevilt. Dette er eit tiltak for å avgrense spreinga av CWD (Chronic Wasting Disease).

Styret for Utvalt kulturlandskap (UKL) i Hjartdal og Svartdal har representantar frå grendene, faglaga i landbruket og politisk nivå i Hjartdal og Seljord kommunar. UKL Hjartdal og Svartdal fekk tildelt 1.2 millionar kroner for 2022. Det kom inn 24 søknader, det blei også bestemt at UKL skal investere i «alpeutstyr» til bruk i bratt terreng. Til saman blei alle midlane delt ut. Styret i UKL jobbar vidare med bygningsrapport for Hjartdal etter at bygningsrapport for Svartdal er ferdig. Det blei arrangert kulturlandskapskveld på Nordbø pensjonat, og det var også god oppslutning om kulturlandskapsvandring i Svartdal med totalt 60 deltakarar.

Felles klimaplan for alle kommunane i Vest-Telemark blei vedteke i alle kommunane våren 2022. Det blei oppretta eit klimautval i Vest-Telemark rådet kor Peter Fjågesund MDG blei valt som medlem. Det blei i same ake vedtatt at Seljord kommune skal gjere vedtak og legge seg på ein administrativpraksis som i størst mogleg grad ivaretek omsynet til klima og miljø

Seljord kommune har takka ja til å vere med i referansegruppa saman med nokre andre kommunar i Vestfold og Telemark for utvikling av klimagasskalkulator i arealplanlegginga. NIBIO og Vestfold og Telemark Fylkeskommune har inngått avtale om samarbeidsprosjektet Klimagasskalkulator. Formålet med prosjektet er å vidareutvikla ein webbasert klimagasskalkulator som bereknar klimagassutslepp frå arealbruk og arealbruksendringar slik at ein kan sjå klimaavtrykket av ulike reguleringsplanar. Seljord kommune vil få tilgang til kalkulatoren i løpet av prosjektperioden, og dessutan fri bruk av tenesta ut 2025.

Jordbruk og skogbruk

Året 2022 har nok vore eit vanskeleg år for bøndene med store ekstrakostnader i samband med prisoppgang på kunstgjødsel m.m.

Tilskotsstatistikk

Produksjonstilskot	24 059 646 kr.	
Regionalt miljøprogram (RMP)	860 010 kr.	
Tilskot til drift av beitelag (OBB)	82 326 kr.	
Spesielle miljø tiltak i landbruket (SMIL)		316 366 kr.

Alt i alt har rådmannen attestert på utbetalingar av ca. 25 millionar statlege kroner til jordbruksnæringa i Seljord kommune for 2022.

I sum har Seljord kommune utbetalt ca. 73 000 kroner i NMSK-tilskot til tiltak i samsvar med avtalt tiltaksstrategi og retningslinjer for skogbruket i kommunen. Tilskota gjekk til 254 daa ungskogpleie.

Hogstkvantum, verdi og snittpris

	Hogst m ³	Totalverdi, kr	Snittpris kr pr. m ³
2022	24 234	12 228 422	505
2021	24 701	10 628 203	430
2020	24 706	8 996 487	364
2019	40 497	16 181 745	399
2018	23 742	8 847 683	372
2017	19 508	6 321 447	324

Kjelde: LANDBRUKSDIREKTORATET

I 2022 løyvde Innovasjon Norge tilskot til Anne-Hege Svartdal kr 380 000 (kaninforproduksjon) og Anders Magnus Evja kr 900 000 (driftsbygning).

Kommunalt næringsfond/ kraftfond er konsesjonsavgift og renter. Den delen av fondet som ikkje er disponert i budsjett er fordelt slik for 2022:

2021/3463 Landbruksmidlar 2022 - Gunleik Mæland	Kr 20 000
2022/640 Landbruksmidlar 2022 - Anders Magnus Evja	Kr 130 000
2021/2948 Landbruksmidlar 2022- Tilskot - Innovasjon Norge - Sauefjøs på Dahle - Marianne Vadder - sjå sak 2018/457	Kr 60 000
2021/2738 Landbruksmidlar 2022- Tilskot - Innovasjon Norge 2021 - Konvensjonell epledrift på Aakre gard 1/8 - Kim Gøran Aakre Bringa	Kr 45 250
Sum	Kr 255 250

Plan, oppmåling og byggesak

Kommuneplanen sin arealdel blei vedtatt i desember 2021. Våren 2022 blei det gjennomført mekling om hytteinnspelet i Åsdalen hos Statsforvaltaren i Tønsberg. Seljord kommune fekk i det store og heile medhald, og motsegna blei trekt. Dette blei endeleg vedtatt i kommunestyret i mai 2022.

I 2022 blei det jobba med ein rekke private forslag til detaljreguleringsplanar, bl.a. for Garvistrondi camping, Dyrskuplassen, del av Vekan, Århusmoen og Sinnesodden. Utviklinga i Nordbygdi gjorde det naudsynt å endre på detaljreguleringsplan for Nordbygdi igjen. Her ble det bl.a. vedtatt å avgrense forretningsføremålet på området slik at det ikkje er lov med daglegvarehandel. Dette vedtaket er påklaga av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Klaga blei ikkje tatt til følgje og sendt vidare til settestatsforvaltar.

Det vart i 2022 registrert 37 nye oppmålings saker. Mange store tomter, i tillegg til at det vart laga attest for utsett oppmålingsforretning på tomtene i Nordbygdi som vart søkt om i 2021, gjorde at det vart eit solid overskot i 2022. Det er investert i nytt GPS oppmålingsutstyr frå Topcon til ein verdi av kroner 118 000 pluss mva.

Oversikt over byggjesaker

Byggjesaker	2022	2021
Rammeløyve	11	3
1-trinns byggesøknad	51	27
Søknad utan ansvarsrett	22	52
Igangsettingsløyve (IG)	15	7
Meldingar om ferdige tiltak, ikkje søknadspliktige	5	7
Mellombels bruksløyve	1	1
Ferdigattestar	30	23
Dispensasjonar frå byggesak	5	2
Dispensasjonar frå plan	10	15
Bruksendringar	3	4
Endringar av tidlegare gjevne løyve	3	6
Sum totalt byggjesaker	156	147
Klagesaker	1	1
Delegerte byggesaker	93	95
Utsleppsløyve (2022: 1 bustad + 7 hytter)	8	20
Gjennomsnittleg handsaming av byggesøknader	8 dagar	10 dagar

Seljord Brannvesen

Seljord Brannvesen er eit deltidsbrannvesen, med 16 brannkonstablar. 4 av desse går befalsvakt 1 veke kvar, heile året. I 2022 har vi hatt fått inn 3 nye konstablar, og for fyrste gong ei kvinne, noko vi er stolte av. Alle nyttilsette må gjennomføre grunnutdanning så snart nye kurs vert sett opp. Dei 3 som har slutta har gått av på grunn av alder. Befalsvaktene har alle gjennomført beredskapsutdanning trinn 1, som er kravet. Alle mannskeper vert alarmert ved hendingar. Oppmøte er veldig bra, i gjennomsnitt møter ca. 9 konstablar til ein kvar tid.

I 2022 hadde vi 89 loggførte oppdrag. Fordeling på type oppdrag er om lag som tidlegare, ein liten auke i helse relaterte oppdrag, ein stor del av desse er lyfteoppdrag saman med heimesjukepleia.

Sommaren 2022 vart prega eit par alvorlege trafikkulykker, eit par husbrannar og nokre skogbrannar. Vi var og med og bistod under den store skogbrannen i Nissedal. Når det er veldig turke, bør vi vurdere å auke vaktberedskapen noko, for å sikre at vi har nok mannskeper tilgjengeleg. Dette er som regel i ferietida med dei utfordringane som då fylgjer med.

Seljord Kommune må snart skifte ut hovud brannbilen og tankbilen, desse er nå straks 25 år gamle. Tankbilen bør skiftast fyrst, her bør ein gjere som Kviteseid og Fyresdal, kaupe ombygd bruka bil i prisklassa 1,5 mill.

Samarbeidet med dei andre naudetatane er veldig godt, og vi hadde i 2022 ei stor øving på Dyrskuplassen saman med politi og helse. Det var med personell frå heile Øvre Telemark under desse øvingane.



Kommunale vegar

Heivegen vart lagt ut på doffin seinsommaren 2022. Det kom inn 6 tilbod frå entreprenørar som ville ta på seg jobben. Det var Telemark Transport og entreprenørsentral som fekk jobben for Kr 7 013 455. Dette var godt over dei 3 500 000 kroner som var avsett til prosjektet. Arbeidet med Heivegen startar veke 17 i 2023. Planlagt ferdig til veke 29 i 2023.

Utgifter og behov til vedlikehald av vegnettet aukar, og ein greier ikkje å halde takt med etterslepet. Det vart gjennomført noko asfaltering i 2022. Men det er fortfarande mykje dårleg vegnett i kommunen som treng både mindre og større vedlikehald i løpet av 2023.

Vatn og avløp

Seljord kommune slit framleis med vasslekkasjar, men dette har blitt noko betre. Det har vore mykje plonder og heft med Århusmoen vassverk gjennom 2022 og inn i 2023. Mattilsynet har pålagt oss å utbedre Tømmeråsen høgdebasseng, taket er i dårleg forfatning og må byttas. Dette var i forbindelse med at vi fekk nokon dårlege vassprøver og måtte klore vatnet ein kort periode sommaren 2022.



Kommunale bygg

Kommunen slit med vedlikehaldsetterslep på fleire kommunale bygg. Elgfaret 4 har blitt påbegynt renovering etter ei vasslekasje i 2021. Ombyggiga av «nye»Heddeli har blitt fullført i løpet av 2022 og litt utover 2023. Det har blitt kjøpt inn 4 nye kjøkken til Nesbukti som vil bli montert i løpet av våren 2023. Der er kjøpt inn 50 nye dører til Seljord skule. Badebassenget

har fått nytt ventilasjonsanlegg. Vi er også i gang med å få på plass nye energibrønner for basseng og Tussejuv barnehage.

Reinholdsavdelinga

I februar 2022 vart reinholdsavdelinga lagt inn under tenesteområde Samfunnsutvikling og drift. Tanken bak dette var at yrkesgruppa har nære relasjonar til dei tenester samfunnsutvikling og drift leverer og ein såg det som ein naturleg organisering av avdelinga.

Reinholdsavdelinga har 15 faste tilsette. Dette utgjer ca. 11,19 årsverk. Leiar for avdelinga er ansvarleg for personal, budsjett/økonomi og fag. Reinholdsavdelinga utførar reinhald og vedlikehald på omlag 13 000 m² av den kommunale bygningsmassa.

2022 blei eit år der reinhald kunne normalisere drifta meir etter nokre krevjande år med pandemi. Vi sit igjen med mykje ny og god kompetanse på fleir område som vi kan dra nytte av i det framtidige arbeidet. Det er likevel utfordringar som må jobbast vidare med, dette gjeld blant anna maskinelt utstyr. Kommunen har mange bygg som ber preg av alderdom og slitasje. Dette gjer at reinhald må velje andre metodar og teknikkar for å levere eit tilfredsstillande resultat. Det er viktig at reinhaldarane har tilgang på rett utstyr for utføre sitt arbeid på ein god og ergonomisk måte.

Interkommunalt samarbeid

Renovest IKS

Seljord deltek saman med kommunane Fyresdal, Tokke, Kviteseid og Vinje i Renovest IKS. Renovest IKS er eit interkommunalt renovasjonsselskap med ansvar for innsamling og handtering av avfall for fastbuande og fritidsbustadar.

Vest-Telemark brannvern IKS

Seljord er med i det interkommunale brannvernsamarbeid for kommunane i Vest-Telemark. Føremålet til selskapet er å samarbeide om brannvern og utføre lovpålagde brannførebyggjande oppgåver i vertskommunane.

Rekneskap

Ansvar	Rekneskap	Justert budsjett	Avvik kr	Avvik %
Samfunnsutvikling og drift	31 291 549	28 068 721	-3 222 828	- 11,5 %

Meirforbruket på samfunnsutvikling og drift kan forklarast med følgande:

- Ein vedtatt budsjettert innsparing som ikkje er konkretisert som ein fast innsparing (kr 250 000).
- Fire nye kjøkken på Nesbukti (kr 588 000).
- Nye dører på Seljord skule (kr 394 000).
- Erstatning på Furutoppen (kr 624 000).
- Innvesteringsprosjekta «Gang og sykkelveg i Nordbygdi» (kr 275 000) og «Hardbruksbustader i Trongkleiv» (kr 91 000) har hatt konsulentutgifter, men sidan dei ikkje blei noko av måtte dette takast på drift.
- Fordi at budsjett- og rekneskapsføreskrifta seier at vi ikkje kan inntektsføre bruk av disposisjonsfond (ubunde driftsfond) når rekneskapan viser mindreforbruk/overskot, må kostnadene til utbygging av fiber/breiband (kr 950 000) takast av drifta, men utan finansiering frå disposisjonsfonet.

Desse avvika/tiltaka utgjer til saman kr 3 172 000.

Sjølkost

Område	Resultat 2022				Balansen 2022	
	Inntekter (gebyr- inntekter)	Kostnader (gebyr- grunnlag)	Overskot Underskot (-)	Året deknings- grad i % 1)	Avsetjing (-)/ Bruk av dekningsgrads- fond/ inkl. renter	Sjølvkostfond/ framførbart underskot (-) pr. 31.12 2) (inkl. renter)
Vatn	8 634 923	9 862 049	-1 227 126	87,6 %	0	-1 805 562
Avløp	8 457 022	7 515 574	941 448	112,5 %	0	-158 840
Renovasjon	5 841 473	5 710 441	131 032	102,3 %	-144 632	463 713
Feiing/Tilsyn	1 454 653	1 078 291	376 362	134,9 %	-1 707	1 707
Slamtømming	2 332 931	1 532 044	800 887	152,3 %	-815 352	823 990
Sum VARFS	26 721 002	25 698 399	1 022 603	104,0 %	-961 691	-674 992
Byggjesak	1 001 650	927 876	73 774	108,0 %	-81 071	250 528
Oppmåling	1 172 562	690 381	482 181	169,8 %	-490 706	490 706
Private planar	70 000	457 056	-387 056	15,3 %	0	0
Sumbygg/opp mål.	2 244 212	2 075 313	168 899	108,1 %	-571 777	741 234
Sum totalt	28 965 214	27 773 712	1 191 502	104,3 %	-1 533 468	66 242

1) Årets dekningsgrad før eventuell avsetjing til/bruk av sjølvkostfond.

2) Sjølvkostfond er bundne driftsfond. Disse kan berre brukast til dekning av framtidige utgifter på tilhøyrande sjølvkostområde.

Sjølvkostfond må nyttast innan ein 3-5 års periode. Når det gjeld renovasjon og slam er ein lovpålagt å ha sjølvkost (100 % dekningsgrad).

På dei andre områda kan ein ha lågare dekningsgrad. Det er ikkje lov (over tid, dvs. 3-5 år) å ha høgare dekningsgrad enn 100 % (sjølvkost).

På VARF-området (vatn, avløp/slam, renovasjon og feiing/tilsyn) har Seljord kommune over lengre tid praktisert eigenbetaling til sjølvkost.

Sum

Pr. 31.12.2022 er abonnentene skuldig Seljord kommune kr 674.992 i kommunale eigeomsavgifter (VARFS-området). Dette er kr 982.090 mindre enn pr .31.12.2021.

